



# Møteinnkalling

**Møtested**

Harald Hårfagres gt. 1, Styreverrommet

**Dato**

18.03.2025

**Tidspunkt**

09:00

Saksliste og sakspapirer følger vedlagt.

Eventuelle forfall bes meldt snarest til Turid Høyland via e-post [turid.hoyland@uib.no](mailto:turid.hoyland@uib.no).

Bergen, 11.03.2025

Med vennlig hilsen

Camilla Brautaset  
dekan

Kim Ove Hommen  
fakultetsdirektør

**Innkalling er sendt til:**

Nora Nyhagen Opsahl

Torodd Kinn

Vegard André Holand Løknes

Annika Svendal Os

Sjur Selsvik

Laura Saetveit Miles

Linnea Reitan Jensen

Hans Marius Hansteen

Tove Ingebjørg Fjell

Svein Ivar Angell

Ole Thomassen Hjortland

Camilla Brautaset

Kjersti Bale

## Saksliste

Saksnr.	Tittel	Lukket
S 13/25	Godkjenning av innkalling og saksliste	
S 14/25	Protokoll fra forrige møte i fakultetsstyre	
S 15/25	Fullmaktsaker 18.03.2025	
RS 6/25	Referat fra møte 14.03.2025 - Informasjons- og drøftingsutvalget	<i>ETTERSENDES</i>
RS 7/25	Protokoll fra FFU 12.02.2025	
RS 8/25	Internasjonalt samarbeid	<i>MUNTLLIG ORIENTERING</i>
RS 9/25	Studieporteføljeprojektet ved Det humanistiske fakultet - status for arbeidet med ny studieportefølje	
S 16/25	Årsregnskap 2024	
S 17/25	Regnskap per februar 2025	<i>ETTERSENDES</i>
S 18/25	Ny EVU-strategi for Det humanistiske fakultet - rapport frå arbeidsgruppe	
S 19/25	Tiltaksplan for mangfold, inkludering og likestilling 2025-2027	
S 20/25	Rekrutteringsstrategi for Det humanistiske fakultet 2025-2030	
S 21/25	Valg 2025 - Oppnevning av nominasjonskomiteer	
S 22/25	Kriterier for eksternt medlem i fakultetsstyret	
S 23/25	Evaluering av fakultetsstyrets sammensetning	
S 24/25	Presisering i forretningsorden for fakultetsstyret	
S 25/25	Innstilling til dr.philos.-graden	
S 26/25	Innstilling til ph.d.-graden	
S 27/25	Opprykk til førstelektor i engelsk - Oppnevning av sakkyndig komite	
S 28/25	Søknad om opprykk til professor innenfor fagområdet digital kultur med spesialisering i elektronisk litteratur	
S 29/25	Årsrapport 2024 - Helse, miljø og sikkerhet (HMS)	X
S 30/25	Forlengelse av stilling utover alminnelig aldersgrense	X
S 31/25	Ansettelse som førsteamanuensis i moderne historie med spesialisering i kvinne- og kjønns historie ved Institutt for AHKR	X
S 32/25	Ansettelse i stilling som førsteamanuensis i nordisk språkvitenskap ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	X
S 33/25	Omgjøring av stillingskode	<i>ETTERSENDES</i> X

**S 13/25 Godkjenning av innkalling og saksliste**  
**S 14/25 Protokoll fra forrige møte i fakultetsstyre**



Arkivreferanse  
2025/242

Dokumentdato  
07.03.2025

Styre  
15/25

Styresak  
18.03.2025

Møtedato  
Fakultetsstyret  
ved Det  
humanistiske  
fakultet

## Saker tatt på fullmakt i tilsettingsrådet ved Det humanistiske fakultet etter fakultetsstyremøte 28.01.2025

**Tilsettingsrådets sak nr.:**                      **Elements saksnr.:**

74-2024

24/1870

### **Ansettelse i stilling som postdoktor ved Senter for kvinne- og kjønnsforskning**

Riikka Prattes tilsettes i et fireårig åremål som postdoktor i kjønns-, seksualitets- og kritisk mangfoldsforskning ved Senter for kvinne- og kjønnsforskning. Tiltredelsesdato avtales med senter/fakultet.

Som reserve rangeres:

1. Dinara Yangeldina
  2. Livia G. Buzolin
  3. Lars Erik L. Gjerde
- 

**Tilsettingsrådets sak nr.:**                      **Elements saksnr.:**

01-2025

24/12742

### **Ansettelse i vikariat som universitetslektor i fransk fagdidaktikk ved Institutt for fremmedspråk**

Anne Marie Bakke ansettes i 22 % vikariat som universitetslektor i fransk fagdidaktikk med ved Institutt for fremmedspråk med oppstart snarest mulig og varighet frem til og med 30.06.2025.

Som reserve rangeres:

1. Vanessa Aurelie Ndi Etondi
-

**Tilsettingsrådets sak nr.:**            **Elements saksnr.:**

02-2025

24/13807

**Midlertidig ansettelse som universitetslektor i russisk språk ved Institutt for fremmedspråk**

Irina Anisimova ansettes midlertidig i 50 % stilling som universitetslektor i russisk ved Institutt for fremmedspråk med oppstart snarest mulig og varighet frem til og med 30.06.2026.

Som reserve rangeres:

1. David Pineda Dijkerman
  2. Anastasia Morozova
- 

**Tilsettingsrådets sak nr.:**            **Elements saksnr.:**

03-2025

24/8463

**Ansettelse som stipendiat i nordisk litteraturvitenskap ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier**

Felicia Green ansettes som stipendiat i nordisk litteraturvitenskap ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier for en åremålsperiode på fire år. Tidspunkt for oppstart avtales med fakultet og institutt.

Som reserve rangeres:

1. Anežka Matnová
  2. Ingjerd Helle
- 

**Tilsettingsrådets sak nr.:**            **Elements saksnr.:**

04-2025

24/10455

**Ansettelse som stipendiat i praktisk filosofi ved Institutt for filosofi og førstesemesterstudier**

Tilsettingsrådet ansetter Linn Englund i stipendiatstilling i praktisk filosofi ved Institutt for filosofi og førstesemesterstudier. Ansettelsesperioden er fire år. Tidspunkt for tiltredelse avtales med institutt og fakultet.

Som reserve rangeres:

1. Henrik Heitmann
  2. Aurora Holland Søsveen
  3. August Wichmann
-

**Tilsettingsrådets sak nr.:**            **Elements saksnr.:**

05-2025

2024/6562

**Ansettelse som stipendiat i Jon Fosses forfatterskap ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier**

Sander Schipper ansettes i fireårig åremål som stipendiat i Jon Fosses forfatterskap ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetisk studier. Tidspunkt for oppstart skjer etter avtal med fakultet og institutt.

Som reserve rangeres:

1. Andrea Tungodden
2. András Horváth

---

**Tilsettingsrådets sak nr.:**            **Elements saksnr.:**

06-2025

24/7573

**Ansettelse som stipendiat i moderne miljøhistorie ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap**

Inez Sigvardson ansettes som stipendiat i moderne miljøhistorie ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap for en åremålsperiode på fire år. Tidspunkt for oppstart skjer etter avtale med fakultet og institutt.

Som reserve rangeres:

1. Dorrit Rahbek

---

**Tilsettingsrådets sak nr.:**            **Elements saksnr.:**

07-2025

23/5703

**Forlengelse av bistilling som professor II knyttet til Senter for digitale fortellinger ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier – Doris Carmen Rusch**

Doris Carmen Ruschs bistilling i åremål som professor II i 20 % bistilling knyttet til Senter for digitale fortellinger ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier forlenges med perioden fra og med 01.08.2025 til og med 31.07.2027.

**Tilsettingsrådets sak nr.:**            **Elements saksnr.:**

08-2025

23/5734

**Forlengelse av bistilling som professor II knyttet til Senter for digitale fortellinger ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier – Rafael Perez y Perez**

Rafael Perez y Perez`s bistilling i åremål som professor II i 20 % stillingsstørrelse knyttet til Senter for digitale fortellinger ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier, forlenges med perioden fra og med 01.08.2025 til og med 31.07.2027.

---

**Tilsettingsrådets sak nr.:**            **Elements saksnr.:**

10-2025

23/5732

**Forlengelse av bistilling som professor II knyttet til Senter for digitale fortellinger ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier – Caitlin Fisher**

Caitlin Fisher sin bistilling i åremål som professor II i 20 % stillingsstørrelse knyttet til Senter for digitale fortellinger ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier, forlenges med perioden fra og med 01.08.2025 til og med 31.07.2027.

---

**Tilsettingsrådets sak nr.:**            **Elements saksnr.:**

11-2025

23/5737

**Forlengelse av bistilling som professor II knyttet til Senter for digitale fortellinger ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier – Lai-Tze Fan**

Lai-Tze Fans bistilling i åremål som førsteamanuensis II i 20 % stillingsstørrelse knyttet til Senter for digitale fortellinger ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier, forlenges med perioden fra og med 01.08.2025 til og med 31.07.2027.

---

**Tilsettingsrådets sak nr.:**            **Elements saksnr.:**

12-2025

24/15505

**Forlengelse av stipendiatperiode på bakgrunn av uforutsette hindringer – Katrine Annesdatter-Madsen**

Katrine Annesdatter-Madsens ansettelsesperiode forlenges med to måneder.

---

**Tilsettingsrådets sak nr.:**            **Elements saksnr.:**

13-2025

24/3228

**Trekk av stilling som stipendiat i det moderne Midtøstens historie ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap**

Utlyst stilling som stipendiat i det moderne Midtøstens historie ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap trekkes, og det foretas ingen ansettelse.

Rekrutteringsstillingen kan lyses ut på nytt.

---

**Tilsettingsrådets sak nr.:**            **Elements saksnr.:**

14-2025

24/4088

**Ansettelse i stilling som stipendiat i digital kultur tilknyttet ALGOFOLK-prosjektet ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier**

Yagmur Cisem Vik ansettes i fireårig stilling som stipendiat i digital kultur knyttet til TMF-prosjektet ALGOFOLK ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier. Tiltredelsesdato avtales med institutt/fakultet.

---

## Forslag til vedtak

Fakultetsstyret tar fullmaktsakene til orientering.

Camilla Brautaset  
dekan

Kim Ove Hommen  
fakultetsdirektør





## PROTOKOLL

Forsknings- og forskerutdanningsutvalget (FFU)

12.02.2025 kl. 12:15-14.00

Til stede:

Ole Hjortland, Kyrre Kverndokk (AHKR), Randi Synnøve Koppen (IF), Anders Marcussen Gullestad (LLE), Torfinn Thomesen Huvenes (FOF), Jan Reinert Karlsen (SVT/SKOK), Melanie Susan Fieldseth (B), Audun Syltevik (vara B), Christoffer Janson (D)

Forfall: Tore Fjetland Øgaard (B)

Observatør: Jostein Gundersen (KMD)

Fra administrasjonen: Kirsten Moen, Julie Alver Tønsaker, Elisabeth Shaw Hausvik, Cecilie Veum, Elisabeth Akselvoll

### I. Innkalling og saksliste

*Godkjent.*

### II. Protokoll fra FFU 20.11.2024

(tidligere godkjent)

### FU 01/25 Endringer FFU - medlemmer våren 2025

**Vedtak:**

*Forsknings- og forskerutdanningsutvalget (FFU) godkjenner sammensetning av FFU, og observatør/vara for Programstyret for ph.d.-programmet*

### III. Saker: forskerutdanning

#### PS 01/25 Drøftingssak: Programevaluering av HFs ph.d.-program 2024

**Vedtak:**

*Fakultetet tar drøftingen til etterretning og vil komme tilbake til programstyret med en plan for videre prosess på neste programstyremøte.*

#### PS 02/25 Oppfølging av fremdriftsrapporteringen 2024

**Vedtak:**

*Programstyret tar grunnenhetenes orientering til etterretning.*

#### PS 03/25 Retningslinjer ved prøveforelesning og disputas

**Vedtak:**

*Programstyret godkjenner prodekanens forslag til retningslinjer med de endringene som ble bestemt i møtet. Programstyret gir prodekan fullmakt til å utforme tilsvarende retningslinjer for dr.philos.*

#### PS 04/25 Drøftingssak: Ressursside for kappeskriving



**IV. Orienteringer: forskerutdanning**

- a. Plan for ph.d.-utdanningsmeldingen 2025

**V. Saker: forskning**

**FU 02/25 Drøftingssak: Kommunikasjonsplan HF**

**PS 03/25 Løypemelding nr.1 for BOA-aktivitet 2025**

**Vedtak:**

*FFU tar saken til orientering.*

**VI Orienteringer: forskning**

- a. Forskningsmelding ved HF 2025
- b. [Nye porteføljeplaner til Forskningsrådet](#)
- c. Publiseringsstrategi - oppnevning og mandat for arbeidsgruppe
- d. Momentum-programmet - utlysning frist 21.mars
- e. Saker fra Universitetets forskningsutvalg, [11.des. 2024](#), [22.jan. 2025](#)
- f. Saker fra Universitetets innovasjonsutvalg, [29.jan.](#)

**Eventuelt**

Ole Hjortland  
prodekan

Julie Alver Tønsaker  
seksjonssjef,  
seksjon for studier og forskerutdanning

Kirsten Moen  
seksjonssjef,  
seksjon for forskning og formidling

**RS 8/25 Internasjonalt samarbeid**



Styre  
9/25

Arkivreferanse  
2022/8830  
Styresak  
18.03.2025

Dokumentdato  
09.03.2025  
Møtedato  
Fakultetsstyret  
ved Det  
humanistiske  
fakultet

## Studieporteføljeprojektet ved Det humanistiske fakultetet - status for arbeidet med ny studieportefølge

### Bakgrunnsdokument

- Styresak nr 28/22: *Posisjonsnotat*  
[https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/innkalling\\_21.06.22\\_0.pdf](https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/innkalling_21.06.22_0.pdf)
- Styresak nr 9/23: *Forprosjekt*  
[https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/sak\\_9-23.pdf](https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/sak_9-23.pdf)
- Styresak nr 19/23: *Oppretting av arbeidsgruppe*  
<https://ekstern.filer.uib.no/hf/fakstyresaker/2023-05-09/S%2019.pdf>
- Styresak nr 52/24: *Sluttrapport, Studieporteføljeprojektet*  
<https://ekstern.filer.uib.no/hf/Fakultetsstyre/Styresaker%202024/10.09.2024/Offentlig%20m%C3%B8teinnkalling%2010.09.2024.PDF>

### Bakgrunn

I september 2024 vedtok fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet dei tiltaka som var føreslått av arbeidsgruppa for studieporteføljeprojektet, som styret hadde initiert i 2022. Styret vedtok òg ein framdriftsplan for implementeringa. Styret vedtok følgjande tiltak:

- a) Ein modifisert modell for BA-programma ved fakultetet, der studentane tek 30 studiepoeng på 200-nivå i semester 6 og der dei 60 frie studiepoenga ligg i semester 4 og 5.
- b) Det blir innført eit krav om at alle BA-studentane skal ta minimum 30 studiepoeng utanfor eige spesialiseringfag.
- c) Det vert etablert eit system med tilrådte valfrie emnepakkar på 30 studiepoeng sett saman av eksisterande emne.
- d) Alle BA-program på fakultetet skal innehalda minst eitt fellesemne på 10-15 studiepoeng i spesialiseringa. Fellesemna skal inngå i to eller fleire program.
- e) Det vert etablert eit nytt felles obligatorisk innføringsemne i første semester på 10 studiepoeng. Emnet skal gje ei innføring i generiske HF-ferdigheiter knytt til lesing og skriving i lys av KI og digital kompetanse.
- f) Mentorordninga vert utvida til å omfatta heile det første studieåret for alle BA-studentar.

g) Alle programstyre skal setja i verk konkrete tiltak for å styrkja gjennomføring og auka studiepoengproduksjonen.

h) På sikt skal det etablerast eit utval engelskspråklege studietilbod med sikte på større internasjonal rekruttering.

### **Organisering av prosjektet**

Implementeringa av tiltaka i prosjektet vert leia av prosjektet si styringsgruppe. Denne er sett saman av institutt- og senterleiarar, visedekan for utdanning og leiinga i studieseksjonen ved fakultetet. I tråd med vedtaket i fakultetsstyret har styringsgruppa det overordna ansvaret for koordinering av tiltaka i prosjektet, å sikra framdrift og å stå for strategiske avklaringar. Vidare har styringsgruppa ansvar for å sikra felles møteplassar på tvers av institutt og fagmiljø og å sikra gode rammer for tverrfagleg samarbeid.

I framdriftsplanen var fakultetet sitt studiestyre tildelt ei meir operativ oppgåve. For å understøtta denne oppgåva er det etablert eit forum som er sett saman av undervisningskoordinatorar ved institutt og einingar. Dette forumet arbeider særskilt med framdrifta når det gjeld tiltak c) (tilrådte valfrie emnepakkar) og d) (fellesemne mellom spesialiseringar) i prosjektet.

Studiestyret har utover dette særskilt ansvar for å godkjenna reviderte emneomtalar, studieplanar, fellesemne og emnepakkar knytt til prosjektet. Styret har i tillegg eit særskilt ansvar for å sikra studiekvalitet og felles implementering på tvers av institutt/senter.

### **Implementering av tiltaka**

Framdriftsplanen for implementering av tiltaka vedtatt i Studieporteføljeprojektet er delt inn i tre delar (jf. vedlegg):

#### *DEL 1: Organisatoriske prinsipp og rammevilkår*

Tiltaka i Studieporteføljeprojektet føreset meir samarbeid på tvers av institutt/sentergrenser, og hausten 2024 vart sett av til avklaringar knytt til dette. Tiltak 1 i tiltaksplanen skulle avklare prinsipp for fordeling av resultatmidlar og fagleg/organisatorisk samarbeid. Etter vedtaket i fakultetsstyret i september vart det raskt klart at tiltak 1 i tiltaksplanen måtte delast i to. Det vart difor sett ned ei arbeidsgruppe for å utarbeida forslag til retningsliner for ressursfordeling ved fellesemne. Gruppa var leia av Rasmus Slaatelid (SVT), og leverte rapporten sin i slutten av januar (jf. vedlegg). Styringsgruppa for studieporteføljeprojektet handsama rapporten i møte 6. februar. Som ein del av oppfølginga av rapporten, legg fakultetsleiinga no til rette for å etablere insentivordningar for å understøtta etableringa av fellesemne (jf. nedanfor). Arbeid knytt til det fagleg/organisatoriske samarbeidet er på si side delegert til studiestyret, og særleg undervisningskoordinatorforum. Dette er eit pågåande arbeid. Rapporten frå arbeidsgruppa for ressursfordeling ved fellesemne vert eitt av grunnlaga for det vidare arbeidet i arbeidsgruppa for budsjettering av undervisningsressursar og bruk av arbeidstidsrekneskap ved Det humanistiske fakultet, jf. [sak 6/25](#).

## *DEL 2: Utvikling og implementering av ny bachelormodell*

Det er lagt opp til ei trinnvis implementering av tiltaka vedtatt i Studieporteføljeprojektet.

Frå hausten 2025 vert nye studentar tekne opp på ein modifisert BA-modell (tiltak a), der det er eit krav at alle studentar frå då skal ta minimum 30 studiepoeng utanfor eige spesialiseringfag (tiltak b). Det nye innføringsemnet i første semester skal takast av alle studentar frå hausten 2025 (tiltak e). Alle nye BA og LU-studentar vil få tilbod om ei ny og utvida mentorordning frå same tidspunkt (tiltak f).

Forslag til det nye obligatoriske fellesemnet i første semester har vorte utgreia av ei eiga arbeidsgruppe, leia av Steinar Bøyum. Grappa leverte rapporten sin 15. februar (jf. vedlegg). Det nye emnet har emnenamnet Les og skriv (med emnekode LES100). Fakultetet og FoF arbeider no med ressursmessige avklaringar knytt til implementeringa av det nye emnet. Ein viktig funksjon ved emnet er å leggja til rette for eit tettare samband mellom dei ulike delane av studentane sitt første semester, altså LES100, ex.phil. og dei programspesifikke innføringsemna. Dette arbeidet er i gang, og vert leia av FoF. Dette arbeidet er òg nært relatert til arbeidet med å vidareutvikla mentorordninga til å omfatta heile det første studieåret for alle BA- og LU-studentane ved HF (tiltak f). Opplegget for den nye mentorordninga vart utgreia i eit eige delprosjekt hausten 2024, i ein rapport skriven av Sarita Helen Øygaard (jf. vedlegg). Rapporten føreslår ei rekkje tiltak i arbeidet for å få etablert ei utvida mentorordning. Dette vert no følgt opp av ei eiga administrativ arbeidsgruppe, som vert understøtta av ei fagleg referansegruppe med representantar frå fakultetet, LLE, IF, AHKR, FoF og SKOK.

### *Gjennomføring og fråfall*

I arbeidet med og diskusjonane i samband med implementeringa av studieporteføljeprojektet sidan fakultetsstyret sitt vedtak i september 2024, har det vakse fram ei erkjenning av at det er avgjerande å setja inn tiltak gjennom heile det første studieåret for å motverka fråfall og å betra studentane si gjennomføring. Dette har mellom anna vore sentralt i diskusjonane i ein «task force» som fakultetet sette ned for å finna tiltak for å styrkja gjennomføringa hausten 2024 (tiltak g). Denne grappa var leia av utdanningsdekanen, og sett saman av representantar frå SKOK, LLE, IF og AHKR, i tillegg til studentrepresentantar. Ein rapport frå arbeidet i grappa vil liggja føre om ikkje lenge.

Det er krevjande å finna tiltak som gjev beinveges effekt på studentane si gjennomføring. Men arbeidsgruppa tok initiativ til å prøva ut eit nytt opplegg for informasjonsmøta for studentane når dei møter til 2. semester, og å gjera dette til eit møte mellom fagmiljø og studentar, heller enn møte der hovudinnhaldet er einvegsinformasjon. Opplegget vart prøvd ut i fleire fagmiljø, og forsøka skal evaluerast. Arbeidsgruppa føreslo òg å gjera tiltak for å betra funksjonaliteten til UiB-treet og å gjera dette meir føremålstenleg for studentane. Eit anna tiltak som vert arbeidd med, er å klargjera leiarsfunksjonen emneansvarlege har overfor studentane. I UiB sin si systembeskriving for studiekvalitet heiter det at emneansvarleg har ansvar for “oppfølging av innspill og tilbakemeldinger fra studenter og kommunikasjon tilbake til studentene”. Det er grunn for å klargjera og presisera kva dette faktisk inneber, og særskilt kva oppgåve emneansvarleg har med tanke på å følgja opp studentane si gjennomføring.

Problematikken knytt til fråfall og gjennomføring er kompleks og samansett, og det er mange faktorar knytt til dette som ligg utanfor vår eigen kontroll. Men i diskusjonane i task forcen og på andre arenaer har det etter kvar meldt seg ei erkjenning av det er mest føremålstenleg å arbeida for å styrkja gjennomføringa heller enn å minska fråfallet. Fråfall kan vera knytt til eksterne faktorar som vi som institusjon ikkje kan

gjera så mykje med. I mange tilfelle er fråfall òg knytt til individuelle tilhøve hjå den enkelte studenten. Men gjennomføringa til dei aktive studentane har vi derimot mange moglegheiter til å påverka i positiv lei. Dette handlar på éi side om studentane sitt eigarskap og tilhøyrse til det studieprogrammet dei går på. På den andre sida handlar det om at fagleg tilsette er medvitne om kva som faktisk kan betra gjennomføringa til studentane. Både desse faktorane må det arbeidast langsiktig og kontinuerleg med. Konkrete langsiktige tiltak som arbeidsgruppa vil føreslå er å fasilitera for å prøva ut opplegg for meir studentaktiv og team-basert læring, noko ein har hatt suksess med på NT-fakultetet og som har styrkja gjennomføringa på dei emna der dette er prøvd ut.

### **Utarbeiding av fellesemne og emnepakkar**

Fakultetet samarbeider no med fagmiljøa for å konkretisera opplegga for valfrie emnepakkar (tiltak c) og fellesemne mellom program (tiltak d). Dette var tema for ei felles samling for programstyreleiarar ved fakultetet 14/2. Så langt har det kome inn fleire konkrete framlegg om emnepakkar, som kan tilbydast av fleire BA-program i samarbeid. Det er òg i gang konkrete drøftingar om å oppretta fellesemne mellom program. Dette vert no følgt opp i prosjektet si styringsgruppe.

Gjennom diskusjonane om fellesemne har det vorte presisert at kravet om at alle BA-program ved fakultetet skal innehalda fellesemne i spesialiseringa, òg kan omfatta ein modell der eitt eller fleire program tek inn emne frå eit anna program. Eit moment som har kome opp i diskusjonane, er òg kor stor ressursinnsparing fellesemne reelt sett vil innebera. Dette er det vanskeleg å fastslå eksakt, sidan ei slik innsparing avheng av talet på studiepoeng, samt undervisnings- og vurderingsformer i dei emna som vert tekne vekk og dei emna som kjem i plassen. Men eit forsiktig overslag er at ein ved å ta vekk opp til 24 noverande emne for å erstatta dei med 12 fellesemne i BA-programma ved fakultetet, vil kunna spara inn opp i mot 3,5 undervisningsårsverk (altså 3,5 delte stillingar). Korleis totalen her vil sjå ut, er det likevel for tidleg å fastslå. Når opplegga for fellesemna føreligg, vil ein betre vera i stand til å utarbeida meir detaljerte oversikter over kva økonomiske gevinstar som ligg i dette. Korleis fellesemneporteføljen vil sjå ut, avheng òg av fleire prinsipielle avklaringar som må gjerast i prosjektet si styringsgruppe. Avgjerande spørsmål vil då vera kva nye fellesemne tilfører spesialiseringane fagleg, og i kva grad kvart enkelt fellesemne representerer ei reell innsparing av undervisningsressursar.

Fakultetet set av midlar for å stimulera til opprettinga av fellesemne. Her vil det vera snakk om ei insitamentsordning, der miljøa kan få tildelt midlar til workshop/seminar i arbeidet med opprettinga. Dette skal følgjast opp snarast råd, med tanke på at forslag til fellesemne i spesialiseringane må vera klare i løpet av hausten 2025. Fakultetet vil òg setja av midlar til å utarbeida opplegget for det nye fellesemnet i første semester.

### **Vedlegg i saka**

1. Framdriftsplan for Studieporteføljeprojektet ved HF
2. Rapport frå arbeidsgruppe for resultatfordeling
3. Rapport frå arbeidsgruppe for fellesemne i første semester

4. Rapport frå mentorkoordinator om behov og moglegheiter i mentorordninga

## Forslag til vedtak

Fakultetsstyret tar statusrapporten for Studieporteføljeprojektet til orientering.

Camilla Brautaset



# Framdriftsplan for Studieporteføljeprojektet ved HF

Framdriftsplanen skal gje ei overordna ramme for framdrifta vidare i Studieporteføljeprojektet, og gje ei oversikt over tiltak og fristar. Den har som mål å strukturere arbeidet med å implementere tilrådingane frå sluttrapporten.

<b>DEL 1 - Organisatoriske prinsipp og rammevilkår</b>	
<b>Tiltak</b>	<b>Frist</b>
Tiltak 1 - Prinsipp for fordeling av resultatmidlar og fagleg/organisatorisk samarbeid	Innan utgangen av 2024
Tiltak 2 - Studieadministrativ organisering	Innan utgangen av 2024
<b>DEL 2 – Utvikling og implementering av ny bachelormodell hausten 2025</b>	
<b>Tiltak</b>	<b>Frist</b>
<b>TIL HAUSTEN 2025</b>	
Tiltak 3 – Utvikling av nytt fellesemne i første semester	15. februar 2025
Tiltak 4 - Utvide mentorordning til heile første studieår og onboarding av nye studentar	1. juni 2025
<b>TIL HAUSTEN 2026</b>	
Tiltak 5 - Utvikling av fellesemne i spesialisering	15. januar 2026
Tiltak 6 - Utvikling av emnepakkar	15. januar 2026
Tiltak 7 - Revisjon av alle bachelorprogram ved HF	15. januar 2026
<b>Del 3 – Drift og evaluering</b>	
<b>Tiltak</b>	<b>Frist</b>
Tiltak 8 - Evaluering av studieporteføljeprojektet gjennom UiB sitt studiekvalitetssystem	

## Vidare organisering

Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet er eigar av prosjektet, og skal haldast orientert om utviklinga og framgangen i prosjektet. Den vidare organiseringa av prosjektet følgjer den vanlege myndigheitsstrukturen ved fakultet. I tillegg vil prosjektet ha ei styringsgruppe og eit sekretariat. Ansvar for framdrifta i prosjektet blir delt mellom tre ledd:

### 1) Styringsgruppe

Institutt- og senterleiarar, visedekan for utdanning og studiesjef utgjer styringsgruppa for prosjektet. Visedekan er leiar for gruppa. Styringsgruppa har det overordna ansvaret for koordinering av tiltaka i prosjektet, sikre framdrift og stå for strategiske avklaringar der det er behov. Vidare har styringsgruppa ansvar for å sikre felles møteplassar på tvers av institutt og fagmiljø for å sikre gode rammer for tverrfagleg samarbeid.

### 2) Studiestyret

Studiestyret har det operative ansvaret for framdrifta i prosjektet. Studiestyret har ansvar for godkjenning av reviderte emneomtalar, studieplanar, fellesemne og emnepakkar knytt til Studieporteføljeprojektet og skal følgje opp tiltaka som fakultetsstyret vedtar i prosjektet. Studiestyret har eit særskilt ansvar for å sikre studiekvalitet og felles implementering på tvers av institutt/senter.

I prosjektperioden vil møteaktiviteten til Studiestyret trappast opp, slik at organet har tilstrekkeleg med tid til å handtere oppgåvene knytt til prosjektet i tillegg til ordinære oppgåver.

Studiestyret er leia av undervisningsdekan, og er samansett av undervisningskoordinatorar frå alle institutt/senter inkludert representant for lektorutdanninga. I tillegg er både studentar og administrativt tilsette representert i Studiestyret, og organet er særskilt godt eigna til å sikre det operative i prosjektet. Undervisningskoordinatorane vil ha ei nøkkelrolle i prosjektet, ved å hjelpe fagmiljø frå eigne institutt i gjennomføring av tiltaka. Undervisningskoordinatorane skal òg sikre tverrfaglege møtepunkt som er viktige i utvikling av fellesemne og emnepakkar. I tillegg til møta i studiestyret bør det i prosjektperioden etablerast eit uformelt møtepunkt for undervisningskoordinatorane, slik at dei kan leggje til rette for samarbeid på tvers utan formelle møte i Studiestyret.

Studiestyret rapporterer til fakultetsstyret.

### 3) Sekretariat

I prosjektperioden vil studieseksjonen ved fakultetet vere sekretariat for styringsgruppa og Studiestyret, og ha ansvar for den daglege drifta i prosjektet.

Sekretariatet vil ha ansvar for mellom anna å:

- Førebju møte i styringsgruppa
- Vere bindeledd mellom styringsgruppa og Studiestyret
- Hjelpe studieadministrasjonen på institutta ved behov
- Setje i gang dei ulike tiltaka og styre prosessane der det er behov
- Følgje opp bestillingar, analysar og andre avklaringar som styringsgruppa, Studiestyret, Fakultetsstyret eller institutta har behov for

## Tiltaksplan

Tiltaksplanen er delt inn i tre delar, som inneberer både utvikling, implementering og evaluering av tiltaka vedtatt i prosjektet. Tiltaksplanen legg opp til ein trinnsvis implementering av tiltaka i prosjektet. Første opptak på ny bachelormodell er hausten 2025, og nytt førstesemester blir tilbydd nye studentar hausten 2025. Implementering av emnepakkar og fellesemne må vere på plass til oppstart for kull hausten 2026, men det er mogleg med tidlegare implementering for fagmiljø som ønskjer det.

Som eit første tiltak skal det setjast ned ei task force som skal komme med framlegg til tiltak som skal styrkja gjennomføring og auka studiepoengproduksjonen fortløpande.

### DEL 1 – Organisatoriske prinsipp og rammevilkår

Tiltaka prosjektet innfører vil føresetje meir samarbeid på tvers av institutt/sentergrenser. For å sikre at programstyra har gode rammer for arbeidet er det fleire avklaringar som må på plass før programstyra går i gang med sitt arbeid. I hovudsak må rammene for tverrfagleg samarbeid definerast.

**Tiltak 1: Prinsipp for fordeling av resultatmidlar og fagleg/organisatorisk samarbeid**  
Frist: innan utgangen av 2024

HF må riggast betre for samarbeid på tvers av instituttgrenser, og på tvers av eksisterande styringsorgan. Prosjektet må ta stilling til korleis vi skal administrere

fellesemne og emnepakkar. Vidare må det avklarast økonomiske rammer før fagmiljø kan utvikle desse fellesemna og emnepakkane.

Spørsmål som må takast stilling til er:

- Kven har den faglege styringa og vedtaksmyndigheit for fellesemne?
- Kven har det studieadministrative ansvaret for fellesemne?
- Kven har den faglege styringa for tverrfaglege emnepakkar?
- Kven har det studieadministrative ansvaret for tverrfaglege emnepakkar?
- Utarbeiding av rammer for studiekvalitet i emnepakkar og fellesemne (t.d. felles mal for emnepakkar)
- Fordeling av studiepoeng ved fellesemne
- Utteljing for/føring av undervisningsressursar på tvers av fagmiljø
- Utarbeiding av felles normer for bruken av undervisningsressursar, særleg på fellesemne/tverrfaglege emnepakkar

Det må setjast ned ei arbeidsgruppe for å jobbe med dette tiltaket.

## Tiltak 2: Studieadministrativ organisering

Frist: innan utgangen av 2024

Studieadministrasjonen på HF må riggast for meir samarbeid på tvers, og det er fleire punkt som må utgreiast i løpet av prosjektperioden.

Døme på punkt som må utgreiast er:

- Gjennomgang av tiltaka i prosjektet
- Opplæring for studienettverket i utviklingsarbeid knytt til prosjektet
- Revisjon av HF sine utfyllande reglar
- Fellesemne og emnepakkar og konsekvens for undervisning- og eksamensplanlegging
- Utvikling av nettsider for kommunikasjon av emnepakkar
- Rekruttering

Studieadministrasjonen på fakultetet vil gjennomføre eit eige prosjekt på dette hausten 2024.

## DEL 2 – Utvikling og implementering av ny bachelormodell hausten 2025

6. semester (V)	30 studiepoeng spesialisering, 200-nivå		
5. semester (H)	60 studiepoeng:		
4. semester (V)	30 studiepoeng breiddekomponent / 30 frie studiepoeng		
3. semester (H)	30 studiepoeng spesialisering		
2. semester (V)	30 studiepoeng spesialisering		
1. semester (H)	Ex.phil. 10 stp.	Fellesemne HF, 10 stp.	Programspesifikke innføringsemne 10 stp.

Prosjektet legg opp til innføring av ny BA-modell ved HF frå kull hausten 2025. Modellen inneber eit obligatorisk fellesemne i første semester, og ein obligatorisk breiddekomponent på 30 studiepoeng i 4. eller 5. semester.

Det blir lagt opp til trinnvis implementering av modellen:

- Hausten 2025: nytt innhald i første semester (fellesemne), med ei overgangsordning for program som bruker EXFAC00SK.
- Hausten 2026: fellesemne i spesialisering og emnepakkar er ferdig utvikla.

Første semester for emnepakkar for kull haust 2025 er vårsemesteret 2027. Emnepakkar kan implementerast før våren 2027 dersom fagmiljø ønskjer det.

Alle bachelorprogram må gjennom revisjonsarbeid for å tilpasse seg den nye strukturen, og utvikling av tiltak 5 - 7 må gjennomførast fortløpande fram mot hausten 2026.

### Tiltak for implementering hausten 2025

#### Tiltak 3: Utvikling av nytt fellesemne i første semester

Frist: 15. februar 2025

Innhaldet i førstesemester skal fornyast og det skal opprettast eit nytt fellesemne i førstesemester som er obligatorisk i alle bachelorgrader ved HF. Første undervisningssemester er hausten 2025.

Følgjande moment må takast med i arbeidet:

- Det må utgreiast korleis emnet kan vidareutviklast på ein måte der det tydeleg relaterer seg til tema knytt til digitale ferdigheiter og/eller kunstig intelligens på same tid som det opprettheld den viktige funksjonen dagens Akademisk skriving har knytt ti lesing og skriving som grunnleggjande HF-ferdigheit.

- Utviklinga av emnet må skje i tett tilknytning til (vidareutvikling av) dei programspesifikke innføringsemna.
- Emnet må kunne handtere ei større studentmasse enn dagens Akademisk skriving.
- Avklaringar knytt til innpassing, godkjenning

Det må setjast ned ei arbeidsgruppe for å jobbe med dette tiltaket.

#### Tiltak 4: Utvide mentorordning til heile første studieår og onboarding av nye studentar

Frist: 1. juni 2025

Dagens mentorordning varer ut første semester, og prosjektet tilrår å utvide mentorordninga til heile første studieår. Utvida mentorordning og tiltak for onboarding av nye studentar må vere klart til hausten 2025 og må sjåast i samanheng med revidert innhald i første semester. Det må setjast ned ei arbeidsgruppe for å jobbe med dette tiltaket.

#### Tiltak for implementering hausten 2026

Tiltaka som skal implementerast frå hausten 2026 vil hovudsakleg skje i fagmiljøa. Prosjektet må sikre felles møtepunkt på tvers av fagmiljø og institutt i utviklingsarbeidet.

#### Tiltak 5: Utvikling av fellesemne i spesialisering

Frist: 15. januar 2026

Alle spesialiseringar ved HF skal innehalde 10 til 15 studiepoeng med fellesemne. Definisjonen for fellesemne er at emnet inngår i to eller fleire spesialiseringar ved fakultetet. Fellesemnet kan ligge når som helst i spesialiseringa, i 2., 3. eller 6. semester i studieprogrammet.

#### Tiltak 6: Utvikling av emnepakkar

Frist: 15. januar 2026

Som eit ledd i å tenke studieprogram som heilskaplege utdanningslaup, så skal det etablerast eit system ved HF med tilrådde emnepakkar på 30 studiepoeng. Emnepakkar kan setjast saman av eksisterande emne som inngår i dei ulike studieprogramma ved fakultetet. Alle programstyrer ved HF må:

- Peika på konkrete emne i eiga portefølje som dei meiner kan inngå i ein eller fleire emnepakkar og ut frå kva føremål.

- Det må utarbeidast informasjonsmateriell knytt til emnepakken (mål med emnepakken, læringsutbyte, emne i emnepakken, gjennomføring og oppbygging) – fakultetet har utarbeida ein mal for informasjonsmateriell.
- Finne emnepakkar det er høveleg for studentane å kombinera spesialiseringa si med.
- Sikre god kontakt over fag- og studieprogramgrenser
- Studiekvalitet i emnepakkar, korleis sikre vidareutvikling etc.
- Utreie moglegheit for utvikling av engelskspråklege emnepakkar tilgjengeleg for innreisande studentar

#### Tiltak 7: Revisjon av alle bachelorprogram ved HF

Frist: 15. januar 2026

Alle bachelorprogram ved HF må gjennom ein revisjon for å tilpasse seg tiltaka i prosjektet. Dette gjeld mellom anna:

- Alle studieplanar må reviderast med nytt gradskrav
- Alle studieprogramsider må reviderast for å sikre god informasjon og god rekruttering til programma
- Nye vitnemålstekstar
- Alle programstyrer må identifisere tiltak som kan bidra til å styrkje gjennomføringa i reviderte program

### DEL 3 – Evaluering

I løpet av prosjektperioden må det lagast plan for følgjeevaluering og eventuell vidareutvikling av tiltaka i prosjektet. Rekrutteringsgevinsten i prosjektet vil først vere mogleg å vurdere når eitt kull har vore gjennom heile programmet. Kullet som startar hausten 2026 er første kull som får alle tiltaka i prosjektet, og gevinstar knytt til rekruttering og gjennomføring kan først vurderast etter vårsemesteret 2029. I løpet av prosjektperioden må det lagast plan for langsiktig oppfølging av studieporteføljen ved HF.

#### Tiltak 8: Evaluering av studieporteføljeprojektet gjennom UiB sitt studiekvalitetssystem

Tiltaket skal utarbeide rutinar for å sikre at nyvinningane i prosjektet blir evaluert og vidareutvikla i tråd med UiB sitt reviderte studiekvalitetssystem. Dette er spesielt viktig for delar av prosjektet som ikkje har ein etablert plass i evalueringssyklusen (til dømes emnepakkar).

# Rapport frå arbeidsgruppe for ressursfordeling ved fellesemne



<b>RAPPORT FRÅ ARBEIDSGRUPPE FOR RESSURSFORDELING VED FELLESEMNE.....</b>	<b>1</b>
INNLEIING .....	3
MANDAT .....	3
<i>Bakgrunn og tolking av mandatet.....</i>	<i>4</i>
<i>Fordeling av studiepoeng ved fellesemne .....</i>	<i>5</i>
<i>Utteljing/føring og normering av undervisningsressursar .....</i>	<i>6</i>
ADMINISTRASJON AV FELLESEMNE FOR PROGRAM TILHØYRANDE ULIKE INSTITUTT/SENTER .....	7
STØTTE TIL OPPRETNING OG DRIFT AV NYE FELLESEMNE .....	7
MODELLAR .....	8
<i>Alternativ 0: Dagens situasjon .....</i>	<i>9</i>
<i>Alternativ 1 .....</i>	<i>9</i>
<i>Alternativ 2 .....</i>	<i>10</i>
TILRÅDING FRÅ ARBEIDSGRUPPA .....	11

## Innleiing

Arbeidsgruppa for ressursfordeling ved fellesemne vart nedsett i siste halvdel av oktober og vart konstituert på første møtet den 21. oktober 2024. Gruppa har til oppgåve å foreslå prinsipp for gjennomføring av Studieporteføljeprojektet (heretter SPP), spesifikt dei tre siste kulepunktta under Tiltak 1 i tiltaksplanen for [studieporteføljerrapporten](#). Planen vart godkjend av Fakultetsstyret ved HF i møtet den 10. september 2024 (sak 52/24).

Arbeidsgruppa har hatt desse medlemmene:

- Dahle, Anders Sæle (Seniorrådgjevar, controller, HF)
- Henjum, Kjetil Berg (Professor, IF)
- Holsen, Britt Kristin (Administrasjonssjef, AHKR)
- Slaattelid, Rasmus (Senterleiar, professor, SVT)
- Thunestvedt, Steinar (Administrasjonssjef, FOF)
- Vatsaas, Helga Ramstad (Rådgjevar, fungerande studieleiar, LLE)
- Vikersveen, Ellen (Rådgjevar, Studieseksjonen, HF)

Rasmus Slaattelid har leia arbeidet, sekretær for gruppa er Ellen Vikersveen.

Arbeidsgruppa har hatt 4 møte.

## Mandat

Mandatet for arbeidsgruppa har vore:

Å foreslå prinsipp for

1. Fordeling av studiepoeng ved fellesemne
2. Utteljing for/føring av undervisningsressursar på tvers av fagmiljø
3. Utarbeiding av felles normer for bruken av undervisningsressursar, særleg på fellesemne/tverrfaglege emnepakkar.

## Bakgrunn og tolking av mandatet

Eitt av tiltaka i SPP er å innføre fellesemne i alle bachelorgrader. Grunngevinga for å innføre fellesemne i alle gradene framgår av prosjektets rapport og gjev bakgrunnen for tolkinga av mandatet:

1. Tiltaket skal redusere talet på emne i studieprogramma, ei av målsetjingane for SPP.
2. Tiltaket skal leggje til rette for å bruke undervisningsressursar på tvers av studieprogram med mål om å spare undervisningsressursar.
3. Tiltaket skal styrkja det tverrfaglege innslaget i bachelorprogramma.

Studieporteføljerapporten tilrår at "Alle bachelorprogram på fakultetet skal innehalda minst eitt fellesemne på 10-15 studiepoeng i spesialiseringa. Fellesemna skal inngå i to eller fleire program."<sup>1</sup>.

Arbeidsgruppa fann at det er behov for ei presisering av fellesemnedefinisjonen ettersom det ikkje går fram om eit gitt fellesemne skal vere obligatorisk i spesialiseringane eller om det skal vere opp til studentane å velje, og i så fall korleis valgbare fellesemne skal avgrensast. Ut frå målsetjinga i prosjektet om å redusere talet på emne i studieprogramma, synest det rimeleg å anta at fellesemna må vere obligatoriske, og at kvart program skal innehalde eit fellesemne. På den andre sida kan behovet for fleksibilitet både for programma og studentane tilseie at ein bør kunne velje mellom to eller fleire fellesemne. Styringsgruppa for SPP har valt den siste tolkinga, og har presisert at eit program skal kunne innehalde fleire valfrie fellesemne, så lenge intensjonen om redusert ressursbruk blir oppfylt.

Studieporteføljerapporten tilrår dessutan at minst 30 studiepoeng i BA-graden skal kome frå emne utanfor spesialiseringa. Dette for å sikra ei viss fagleg breidd i utdanningane. Det vert difor oppretta valfrie tilrådde emnepakker på 30 studiepoeng som oppfyller breiddekravet. Det var ikkje utan vidare klårt ut frå ordlyden i rapporten om emnepakkene skal setjast saman av allereie eksisterande emne, eller om det også kan opprettast nye emne i emnepakkene. På s. 4 i rapporten står det til dømes under punkt c: "Det vert etablert eit system med tilrådde valfrie emnepakker på 30 studiepoeng sett saman av eksisterande emne." På s. 13 står det at: "Emnepakkar kan setjast saman av eksisterande emne – på 5, 10 eller 15 studiepoeng – som inngår i dei ulike studieprogramma ved fakultetet."

Styringsgruppa for SPP har presisert (i møte 13.01.25) at utforminga av emnepakkene skal vere fleksibel. Det vil seie at det kan opprettast nye emne som skal inngå i emnepakkene, så lenge intensjonen om redusert ressursbruk totalt sett blir oppfylt. Det

---

<sup>1</sup> <https://ekstern.filer.uib.no/hf/Sluttrapport%20Studieporteføljeprosjektet.pdf>

vil seie at dersom det blir oppretta eit nytt emne som skal inngå i ei emnepakke, føreset det kutt i annan ressursbruk ( t.d. ved at eit anna emne blir lagt ned) slik at ressursbruken i sum ikkje aukar.

Arbeidsgruppa legg dermed til grunn at: 1) Alle bachelorprogram på fakultetet skal innehalda minst eitt fellesemne på 10-15 studiepoeng i spesialiseringa. Fellesemna skal inngå i to eller fleire program. Det er opning for at eit gitt program kan ha fleire alternative fellesemne i spesialiseringa som studentane kan velje mellom. 2) Emne som inngår i emnepakkene skal i all hovudsak vere allereie eksisterande emne, men det er opning for å gjere unnatak. Ved oppretting av nye emne skal ressursbruken reduserast *tilsvarende* andre stader i undervisningsporteføljen.

## Fordeling av studiepoeng ved fellesemne

Arbeidsgruppa har i sitt mandat å foreslå prinsipp for fordeling av studiepoeng ved fellesemne.

Studiepoeng er eit kvantitativ mål med fleire funksjonar.

1. For det første er studiepoeng eit mål på studentars arbeidsinnsats. Eit studiepoeng tilsvarar eit visst timetal arbeid. I gjeldande "European Credit Transfer and Accumulation System" (ECTS) er det typiske arbeidsomfanget for eit fullt studentårsverk sett til 1500-1800 timar, eller 25-30 timar pr. studiepoeng. Dette er gjenspegla i forskrift om studium ved Universitetet i Bergen, der "Eitt studiepoeng utgjer 1/60 av eit heilt studieår og inneber om lag 25–30 arbeidstimar for studentane"<sup>2</sup>.

I dette student-sentrerte perspektivet er det studentane som ved sitt arbeid produserer studiepoeng.

2. Studiepoeng blir for det andre brukt som indikator i budsjettsamanheng. Sidan 2002 har studiepoengproduksjon vore ein av indikatorane i den resultatbaserte overføringa til institusjonane, noko som gir direkte budsjetteffekt for UiB sentralt, fakulteta, og institutt/senter.<sup>3</sup> I dette institusjonelle perspektivet er det universitetet som produserer studiepoenga, som den får betalt for over statsbudsjettet etter prisar fastsett av Stortinget.

3. Studiepoeng er for det tredje ein indikator under kriteriet "økonomisk berekraft" i HF's faglege bemanningsplan. Det tyder at behovet for undervisningsressursar (stillingar) i

---

<sup>2</sup> [https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2023-06-15-1359/KAPITTEL\\_2#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2023-06-15-1359/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2)

<sup>3</sup> Effekten for UiB utgjer i 2025 for dei fleste programma på HF kr. 56600 pr. 60 studiepoeng<sup>3</sup>. Fordelinga internt på UiB følgjer norma 25/75 prosent fordelt på høvesvis sentralleddet og fakultetet. Etter den nye budsjettmodellen for HF er 55 prosent eller vel 5.2 mill. av den resultatbaserte fordelinga til driftsbudsjetta for einingane for 2025 basert på studiepoengproduksjonen. jf. Fakultetstyresak 74/24, s. 17. og <https://www.regjeringen.no/contentassets/31af8c2c3a224ac2829e48cc91d89083/orientering-om-statsbudsjettet-2025-for-universitet-og-hogskular.pdf>

det enkelte fagmiljø blir vurdert ved (mellom anna) å måle undervisningsressursar opp mot resultatinntekter i form av studiepoeng og kandidatproduksjon. I dette perspektivet har den fagvise fordelinga av studiepoeng direkte innverknad på vurderinga av fagmiljøet. Her måler studiepoengindikatoren ikkje studentens arbeidsinnsats eller institusjonens resultat, men fagmiljøets produktivitet.

4. Studiepoeng vert for det fjerde brukt som eit mål på ressursbehovet og ressursbruken til eit studieemne. Til dømes vil eit emne på 10 studiepoeng med 10 studentar krevje eit visst nivå av ressursar avhengig av undervisningsformer (forelesingar, seminar, feltkurs), obligatoriske aktivitetar og vurderingsformer. I dette perspektivet vil studiepoeng vere eit mål på ressursbruken i dei respektive studieprogramma/fagmiljøa. Eit fagmiljø som til dømes bidreg med 50 prosent av ressursane i eit fellesemne vil dermed kunne argumentere for at halvparten av dei produserte studiepoenga bør tilfalle den eininga fagmiljøet tilhøyrrer. Dette er eit undervisnings-sentrert perspektiv på studiepoengproduksjonen, der den sentrale innsatsfaktoren er undervisarane sitt arbeid.

Kva for perspektiv ein vel får konsekvensar for fordelinga av studiepoeng ved fellesemne på tvers av instituttgrensene. Dette fordi to program som deler eit fellesemne kan ha ulikt studenttal, slik at fordelinga av studiepoeng vert skeiv, sjølv om arbeidsinnsatsen i form av undervisning er lik. For å unngå slik skeivdeling vil arbeidsgruppa tilrå at det undervisningssentrert perspektivet på studiepoengproduksjonen vert lagt til grunn for fordelinga av studiepoeng ved fellesemne.

## Utteljing/føring og normering av undervisningsressursar

Arbeidsgruppa er beden om å føreslå prinsipp for utteljing/føring og normering av undervisningsressursar. Arbeidsgruppa har sett på praksis ved dei ulike institutta. Kartlegginga viser ulike praksisar for føring av undervisningsressursar. I nokre tilfelle er det dei standardiserte satsane i timerekneskaps-systemet som styrer ressursbruken, med enkelte tilpassingar. AHKR har nyleg innført retningsgivande normer for undervisningsomfang for emne på bachelor-nivå. Erfaringane frå denne nyordninga vil kunne gje ein peikepinn på om ho også eignar seg for andre institutt.

Arbeidsgruppa vurderer det som lite tenleg å skulle foreslå ei universell normering for alle institutt og studieprogram, ettersom behovet kan vere ulikt avhengig av fag. Det kan vere gode grunnar til at normene varierer mellom institutta og mellom fag, t.d. ulik storleik, innarbeidde praksisar, faglege særdrag. Arbeidsgruppa er også usikker på om ei standardisering på tvers av institutt vil bidra til vinst når det gjeld dei overordna målsetjingane for SPP (reduksjon i talet på emne, meir samarbeid på tvers, meir tverrfagleg innretta studieprogram).

Når det gjeld spørsmålet om felles normer for ressursbruk for emnepakker, er det arbeidsgruppa si vurdering at dersom det er slik at emnepakker primært skal setjast saman av allereie eksisterande emne, eventuelt av nye emne, vil kvart emne i ei pakke allereie tilhøyre ei grunneining. Dermed kan einingas allereie etablerte normer for bruk og fordeling av undervisningsressursar leggjast til grunn.

Dei fellesemna arbeidsgruppa har funne gjennom si kartlegging tilhøyre med få unntak<sup>4</sup> fagmiljø ved same institutt, slik som til dømes AHKR210 "Antikkens Roma", som er felles for fagmiljøa i arkeologi, historie og religionsvitskap, alle ved AKHR.

Studiepoengfordelinga og normer for ressursbruk følgjer i slike tilfelle instituttets etablerte normer og kan handsamast av institutta sjølve. Det er særleg når det gjeld fellesemne *på tvers* av instituttgrensene at spørsmålet om felles normer for ressursbruk og fordeling vert aktualisert. Behovet for felles normer er derfor avgrensa til saker der fellesemne kryssar instituttgrensene. Det er sett ned ei eiga arbeidsgruppe ved HF som skal greie ut felles normer for ressursbruk i undervisning ved HF, og vi tilrår at spørsmålet om fellesemne på tvers av instituttgrenser blir koplå til dette arbeidet.

## Administrasjon av fellesemne for program tilhøyrande ulike institutt/senter

Det faglege ansvaret for fellesemne kan fordelast på fagmiljøa som deltek. Det administrative ansvaret kan fordelast på same måte, men det er truleg meir høveleg at dette ansvaret vert samla på eitt institutt for å gjere ansvarsforholdet klart, sikre kontinuitet i det administrative arbeidet og sikre forutsigbar og god oppfølging av studentane. Arbeidsgruppa tilrår difor at administrativt ansvar for fellesemnet blir plassert hos eitt institutt og knytt til eit konkret studieprogram.

## Støtte til oppretting og drift av nye fellesemne

Arbeidet med å etablere og drifte fellesemne vil for ein stor del liggje til fagmiljøa og programstyra, samt administrasjonen. Ettersom fellesemne vil krevje meir samarbeid på tvers av program og eventuelt på tvers av institutt, er det rimeleg å vente at arbeidsomfanget for emneansvarlege og undervisarar vil auke noko.

Undervisningsopplegg med meir tverrfagleg samarbeid og læring i fellesemna er erfaringsmessig arbeidskrevande. For å fremje arbeidet med fellesemna har arbeidsgruppa drøfta ulike modeller for støtte til oppretting og drift av fellesemne.

---

<sup>4</sup> t.d. EUR 101 og 103

1. Den første modellen inneber at studiepoeng frå fellesemne får ein høgare faktor enn ordinære emne, til dømes ved å multiplisere talet på studiepoeng med ein faktor på 1,5 for alle fellesemne. Framlegget føreset at stønaden vert vidareført til programma/fagmiljøa som deltek i arbeidet med fellesemna. Fordelen med denne løysinga er at ho er dynamisk og gir eit ekstra tilskuv til å gje emna ei gjennomgripande fleirfagleg og i somme tilfelle tverrfagleg innretning. Det kan også gjere det attraktivt å lage større emne som kan inngå i fleire studieprogram. Modellen kan enkelt ta høgde for administrativt meirarbeid for den grunneininga som administrerer emnet ved å leggje inn ein tilleggsfaktor for vertseininga. Ei ulempe med denne ordninga er at stønaden blir gitt med ei to-årig forseinking, i takt med resultatutellinga på emna. Her bør fakultetet vurdere ei ordning med "brufinansiering" for å kompensere for denne forseinkinga.
2. Ein alternativ modell er at det blir gitt ei tidsavgrensa støtte til etableringa av fellesemne. Tilskotet blir gitt direkte til dei involverte institutta sitt driftsbudsjett i samband med etableringa av emnet, t.d. dei første tre åra emnet blir tilbydd. Denne løysinga knyter støtteordninga til utviklinga og etableringa av emnet, som vi går ut frå vil vere den mest arbeidskrevjande fasen. Storleiken på denne støtteordninga avheng av kva for prioriteringar fakultetet gjer i sitt budsjett, og det må følgjeleg utgreiast nærare.

## Modellar

Arbeidsgruppa har nedanfor skissert nokre moglege modellar for fordeling av studiepoeng og ressursar ved fellesemne.

Nokre føresetnader er felles for alle alternativa: Alle emne er tilknytt eit fagområde, eit studieprogram og eit institutt. Tilknytning til studieprogram og institutt vert registrerte når emnet vert oppretta i Felles Studentsystem (FS). Studiepoeng vert registrerte på dei same nivåa: Emne, studieprogram og institutt. Den same fordelinga vil finnast att i oversikter i DBH. Det overordna ansvaret for emna ligg til programstyra.

I dagens ordning får fakultetet studiepoengmidlar frå UiB. Omlag 25 % av desse blir fordelte vidare til driftsbudsjett ved grunneiningane. Kor stor del av resultatmidla som vert tilført driftsbudsjetta avheng av fleire faktorar, mellom anna løn og andre kostnader.

Internt på UiB blir studiepoengproduksjonen fordelt etter programmet som emnet høyrer til. Programmet kan vidare knytast til fagområde og institutt. Eit emne må altså høyre til eit program i FS og DBH. Dersom vi skal fordele studiepoengproduksjonen frå eit enkeltemne på fleire program, må vi derfor gå ut over dei moglegheitene som finst i

dagens rapporteringsløysingar. Vi må hente ut data for studiepoengproduksjonen per emne og knyte emna til ønska fagområde (og dermed institutt).

Det vil være ein fordel om alle studiepoeng, også om dei kjem frå fellesemne, kan visast ned på fagområde i fagleg bemanningsplan og ned på tilhøyrande instituttnivå for fordeling av resultatinntekter i budsjettfordelinga.

Arbeidsgruppa har sett på ulike modellar for å oppnå dette (alternativ 1 og 2).

Arbeidsgruppa har òg kartlagt dagens situasjon for å danne seg eit bilete av korleis dette fungerer i dag. (alternativ 0).

### Alternativ 0: Dagens situasjon

Arbeidsgruppa har kartlagt fellesemne ved fakultetet i dag med hjelp frå institutta. Kartlegginga viser at LLE, IF og AHKR har emne der fleire fagmiljø samarbeider om drifta av emnet. Resultatmidlar vert ikkje fordelt direkte til fagmiljø eller program, men til institutta.

Spørsmål om kven som skal ha administrativt ansvar og emneansvar vert løyst på ulike måtar. AHKR har løyst dette ved at undervisningskoordinator har eit overordna ansvar for fellesemna, i tett samarbeid med dei aktuelle fagkoordinatorane.

Både LLE og IF melder om at samarbeidet om fellesemne har fungert greitt hos dei. LLE erfarer at fagmiljøa samarbeider godt og fordeler undervisningsressursane sjølv, når initiativet til samarbeidet kjem frå fagmiljøa sjølv og ikkje frå instituttet. I dei tilfella initiativet kjem frå instituttet er det viktig med ei tydeleg ressursfordeling frå start.

Det er lite erfaring med fellesemne på tvers av grunneiningar. Ved dei eksempla vi har er fordelinga løyst anten ved hjelp av intern fakturering eller ved at samarbeidet består av to emne, der kvar eining har «kvar sitt» emne (t.d.. EUR102 og EUR103).

I dag er det slik at studiepoeng frå eitt fellesemne blir ført tilbake til det studieprogrammet emnet tilhøyrer i FS, og resultatmidlane går til instituttet sitt driftsbudsjett.

Det er per i dag ingen insentiv for fellesemne i form av ekstra ressursar eller ekstra utteljing.

### Alternativ 1

I samband med oppretting av fellesemnet vert det inngått ein avtale mellom fagmiljøa som skal undervise i emnet. Avtalen spesifiserer (i) ressursbruken i emnet i form av arbeid som skal utførast: undervisning, rettleiing, tilbakemeldingar på oppgåver, sensur etc. samt (ii) kor stor andel av ressursbruken kvar av partane har ansvaret for, i form av



ein brøk, eller prosentandel , samt (iii) kvar det administrative ansvaret og emneansvaret skal liggje. Fordelinga av studiepoeng følgjer den avtalte ressursbruken. Studiepoenga tilfell dei involverte institutta på same måte som for andre emne, det vil seie både i samband med fordeling av resultatinntekter til institutta og i samband med fagleg bemanningsplan

Døme: Anta at avtalen om fordeling av studiepoeng på det tenkte emnet HF201 blir som følgjer:

- Filosofi skal ha 50 %
- Tysk skal ha 25 %
- Allmenn litteraturvitskap skal ha 25 %

For intern bruk til fordeling av studiepoeng vil oversikta sjå slik ut:

Emnekode	Fordeling	Studiepoengeiningar	Ny intern fordeling
HF201		10	
HF201 Filosofi	50 %		5
HF201 Tysk	25 %		2,5
HF201 Allmenn litteraturvitskap	25 %		2,5
<b>Sum</b>		<b>10</b>	<b>10</b>

Det må finnast avtalar for kvart fellesemne ved fakultetet for at denne fordelinga skal fungere.

Fordelar: Avtalen er enkel å koordinere og administrere. Ansvaret for emnet er klart fordelt.

Ulemper: Avtalen har lite fleksibilitet til dømes ved uføresett lengre fråvære, samt planlagde permisjonar og forskingsterminar.

Arbeidsgruppa tilrår at det blir laga ein felles avtalemal, dersom denne modellen skal nyttast.

## Alternativ 2

I samband med oppretting av fellesemnet vert det inngått ein avtale mellom fagmiljøa som skal undervise i emnet. Avtalen spesifiserer at fordeling av studiepoeng og resultatmiddel følgjer den planlagde ressursbruken det aktuelle semesteret, med utgangspunkt i registrerte timeplandata (TP). Avtalen spesifiserer også kvar det administrative og faglege ansvaret for emnet ligg. Denne varianten er meir fleksibel med tanke på ressursbruk, ettersom fordelinga kan endre seg avhengig av tilgjengelege undervisningskrefter, men samtidig mindre stabil med tanke på føreseieleg planlegging

av bruken av undervisningsressursene og meir ressurskrevende å administrere på grunn av dette.

Alle undervisarar som ligg registrert i TP må koplast mot eit fagområde for at denne fordelinga skal fungere. TP må dermed brukast som eit rapporteringsverktøy i tillegg til eit planleggingsverktøy.

Fordelar: Flexibiliteten i avtalen kan gjere det lettare å halde emnet i gang ved permisjonar, forskningsterminar, og anna fråvære. TP vil måtte bli følgt opp med same krav, på same måte for alle grunneiningar, og vil slik kunne gi eit felles timerekneskapsgrunnlag for heile fakultetet. Undervisningsinnsatsen for kvart emne blir tydelegare, noko som òg vil gi gode data når ein skal jobbe systematisk med felles retningslinjer for ressursbruk på dei ulike emnetypane.

Ulemper: Alternativ 2 kan vere meir arbeidskrevjande å administrere. Ordninga krev at timeplandataa er av høg kvalitet og oppdaterte. Eit anna moment er at modellen tek utgangspunkt i ressursar brukt til undervisning (timeplandata), og ikkje inkluderer annan ressursbruk i form av rettleiing, sensur, kommentering av oppgåver m.m. For at den skal gje eit korrekt bilete av ressursbruken vil ein måtte gå ut frå at desse andre arbeidsoppgåvene er proporsjonale til ressursbruken som kjem fram gjennom timeplandata.

## Tilråding frå arbeidsgruppa

### 1. Fordeling av studiepoeng ved fellesemne

Arbeidsgruppa foreslår alternativ 1, med støtte til oppretting og drift som skissert ovanfor.

### 2. Utteljing for/føring av undervisningsressursar på tvers av fagmiljø

Arbeidsgruppa foreslår at det vert inngått avtalar mellom dei fagmiljøa/programma/grunneiningane som deler eit fellesemne, der ressursbruk i form av arbeidsoppgåver i emnet vert spesifisert og fordelt. Andel arbeidsoppgåver (ved brøk eller prosent) avgjer fordelinga av studiepoeng. *Føring* av undervisningsressursar i timerekneskapet følgjer eksisterande normer ved det enkelte institutt. Alternativt kan fakultetets mal for timerekneskap leggjast til grunn (jf. appendix 1)

### 3. Utarbeiding av felles normer for bruken av undervisningsressursar, særleg på fellesemne/tverrfaglege emnepakkar.

Arbeidsgruppa finn at eksisterande normer ved institutta kan leggjast til grunn for bruken av undervisningsressursar på fellesemne og i tverrfaglege emnepakker.

# RAPPORT ARBEIDSGRUPPE NYTT FØRSTESEMESTEREMNE

*LES100: Les og Skriv*

## BAKGRUNN

I lys av den økonomiske utviklinga har HF hatt eit omfattande studieporteføljeprojekt dei siste åra. Tanken bak prosjektet har vore å gjere ein grundig gjennomgang av studietilbodet til fakultetet, med mål om å forenkle program- og emneporteføljen samtidig som ein styrker kvalitet og gjennomføring. Dette skal vidare resultere i eit undervisingstilbod som er i samsvar med tilgjengelege ressursar. Som følgje av prosjektet er det vedteke ein ny modell for bachelorprogramma ved HF, som omfattar fellesemne, breiddekomponent og emnepakker.

Allereie før studieporteføljeprojektet vart kravet om *examen facultatum* tatt ut av studieforskrifta til UiB. Fram til no har likevel HF vidareført den gamle ex.fac.-praksisen, der studentar må ta enten Akademisk skrivning eller Språkkunnskap for å oppnå ein bachelorgrad. I samband med studieporteføljeprojektet blir det no etablert eit nytt, obligatorisk innføringsemne på 10 studiepoeng i første semester for alle bachelorstudentar ved HF, som skal erstatte dei gamle ex.fac.-emna. Det nye fellesemnet skal gi ei innføring i generelle dugleikar som lesing og skrivning, med særskilt merksemd på dei endra vilkåra for humaniora i den digitale tidsalderen. Ved å fornye innhaldet i dagens Akademisk skrivning er håpet at studentane skal få eit solid og relevant grunnlag for vidare studium innan humanistiske fag.

## ARBEIDSGRUPPA

Som ledd i implementeringa av studieporteføljeprojektet vart det hausten 2024 oppretta ei arbeidsgruppe for utvikling av det nye fellesemnet. Arbeidsgruppa har bestått av:

- Steinar Bøyum (FOF, leiar)
- Hanne Svanholm Misje (sekretariatsfunksjon)
- Benedicte Mosby Irgens (IF)
- Christine Hamm (LLE)
- Ines Prodöhl (AHKR)
- Aline Pena Gill (studentrepresentant)
- Abigail Da Silva (studentrepresentant)
- Julia Helene Hansen (studentrepresentant)

Bestillinga til arbeidsgruppa var som følgjer: Innhaldet i førstesemester skal fornyast og det skal opprettast eit nytt fellesemne i førstesemester som er obligatorisk i alle bachelorgrader ved HF.

Første undervisningssemester skal vere hausten 2025, og frist for arbeidet er 15. februar 2025. Følgjande moment må takast med i arbeidet:

- Det må utgreiast korleis Akademisk skriving kan vidareutviklast på ein måte der det tydeleg relaterer seg til tema knytt til digitale ferdigheiter og/eller kunstig intelligens på same tid som det opprettheld den viktige funksjonen dagens Akademisk skriving har knytt til lesing og skriving som grunnleggjande HF-ferdigheit.
- Utviklinga av emnet må skje i tett tilknytning til (vidareutvikling av) dei programspesifikke innføringsemna.
- Emnet må kunne handtere ein større studentmasse enn dagens Akademisk skriving.
- Avklaringar knytt til innpassing og godkjenning.

Arbeidsgruppa har hatt sju møte i perioden oktober 2024 til februar 2025. Samarbeidet har vore svært godt, og medlemene har stort sett vore samde om den overordna innretninga. To av møta i arbeidsgruppa har vore knytt til allereie eksisterande emne i første semester. Emneansvarleg for dagens Akademisk skriving, Amund Børdahl, presenterte dette emnet for arbeidsgruppa tidleg i prosessen. Deler av dagens Akademisk skriving vil vere viktige også i det nye fellesemnet og det var nyttig for arbeidsgruppa å få innsikt i korleis emnet er i dag og korleis det har utvikla seg over tid. Fagleg leiar for ex.phil., Vibeke Tellmann, presenterte innhaldet i HF-varianten av ex.phil., sidan det er viktig å sikre god samanheng og arbeidsdeling mellom dei tre emna i første semester.

Slik arbeidsgruppa har tolka bestillinga har målet primært vore å skissere innhaldet, strukturen og rammene for det nye emnet. Dette må så gjerast meir konkret i samarbeid med fagmiljø og undervisarar. Dette gjeld særleg den pedagogiske utforminga. Arbeidsgruppa skisserer hovudtrekka i undervisningsopplegget, men detaljane må overlatast til fagmiljøet. Det er fleire grunnar til dette. For det første må fagmiljøet og dei som skal undervise på emnet ha ein viss grad av sjølvstyre til å sette sitt preg på emnet. For det andre er det fagmiljøet, som har erfaring med førstesemesteremne, som best veit kvar skoen trykker og kva som er realistisk å få til. For det tredje er det ein stram tidsplan, som krev at ein arbeider langs fleire aksar parallelt. I etterkant av arbeidet til denne gruppa bør difor arbeidet takast vidare av ei lokal gruppe på FoF som skal implementere tilrådingane i denne rapporten, og av instituttleiing og fakultetsleiing som må sette saman eit undervisningslag.

Det har vore ein del av bestillinga at emnet skal gå allereie hausten 2025. I lys av tidspresset må ein tenke på det komande haustsemesteret som eit prøvesemester. På nokre punkt kjem arbeidsgruppa med ambisiøse tilrådingar, som vil krevje tid, arbeid og samarbeid for å kunne bli realisert. Det vil vere forståeleg om ikkje alle tilrådingane blir etterlevd det første semesteret. Undervisningsopplegget vil trenge tid for å finne si endelege form. Det kan derfor bli naudsynt å gjere mindre justeringar i emneomtalen fram mot hausten 2025. Undervisningsopplegget kan også måtte justerast i lys av ressursituasjonen, spesielt med tanke på tilgjengelege undervisningskrefter.

## NAMN

Arbeidsgruppa har hatt ein god del diskusjon om namnet på emnet. Det tok tid før me fall ned på eit forslag. Først undersøkte me namn som humanistisk/akademisk danning/handverk, i ulike konstellasjonar. Men me kom fram til at desse i liten grad var dekkande for det tiltenkte innhaldet,

og heller ikkje kommuniserer klart til studentane. Som arbeidstittel nytta me "Lesing og skriving i den digitale tidsalder", som fangar godt inn kva emnet handlar om, men som også er noko for langt. Me vurderte "Lesing og skriving" som forkorting, men fall til slutt ned på det enkle og direkte "Les og skriv". Dette får godt fram det aktive ved desse grunnleggjande aktivitetane og ferdigheitene, og utgjer dessutan ein fin parallell til nettstaden Søk og Skriv, som er eit samarbeid mellom FoF og biblioteka ved HVL, UiB og UiO. Som emnekode valde me LES100. Strengt tatt ville LOS100 vore meir korrekt som forkorting, men LES100 kling betre.

## INNHALD

Det overordna målet for LES100 vil vere å øve opp lese- og skriveferdigheiter, og å gi grunnlag for kritisk vurdering av kjelder og verktøy, særleg ut frå den nye teknologiske røynda. Dette speglar eit syn på lesing og skriving som fundamentale akademiske og særleg humanistiske dugleikar. Sjølv om humanistiske fag også har sine metodar, er det likevel berre ei lita overdriving å seie at lesing og skriving spelar same rolla i humaniora som kvantitative og kvalitative metodar gjer i samfunnsvitskapelege fag. At språkleg samhandling mellom menneske er avgjerande for liv, tenking og forskning, står difor i sentrum for emnet.

På eit av møta fekk arbeidsgruppa ei presentasjon av dagens førstesemesteremne, Akademisk skriving. Arbeidsgruppa er i det store og heile positive til korleis dette emnet fungerer i dag. LES100 er såleis meir ein revisjon enn ein revolusjon. Samanlikna med dagens emne foreslår likevel arbeidsgruppa nokre forandringar. Samanlikna med Akademisk skriving, må det nye emnet:

- inkludere fagleg lesing i tillegg til skriving som grunnleggjande aktivitetar og dugleikar
- tematisere bruk og misbruk av kunstig intelligens i lese- og skriveprosessen.
- drivast med større grad av samarbeid med andre førstesemesteremne.
- prioriterast høgare av institutt og fakultet.

## LESING

Ein tek det ofte for gitt, men *lesing* er ein grunnleggjande akademisk dugleik, særleg i humaniora. Samtidig viser utviklinga at ein ikkje lenger kan ta denne dugleiken for gitt. Eit nytt fellesemne i første semester må tilpassast den generasjonen som no kjem inn på universitetet. Ting tyder på at dagens nye studentar les mindre enn før, har dårlegare konsentrasjon og har mindre trening i å lese lange tekstar. Evna til lesing av faglege tekstar, dvs. sakte lesing, langvarig lesing og konsentrert lesing, slik at ein tileignar seg teksten, gjer han til sin og kjem på innsida av han, er ei evne som må øvast opp, og kontinuerleg øvast på (ein skal ikkje sjå vekk frå at dette også gjeld tilsette på universitetet).

For å forenkle litt kan me skilje mellom ei generell og ei spesifikk side ved evna til fagleg lesing.

Den generelle sida har å gjere med lesing av alle lengre tekstar. Dette gjeld i stor grad uavhengig av type og vanskegrad, men gjeld særleg tekstar av uvant type og høg vanskegrad, som nettopp gjeld mange av dei tekstane nye studentar møter på universitetet. Redusert merksemd, delvis på grunn av teknologi, gjer det aktuelt å lære studentar strategiar for å lese betre og meir. Dette kan vere lesemetodar, som aktiv lesing, notatteknikkar, stille spørsmål og identifisere nøkkelpunkt (t.d. SQ3R-

og liknande). Det handlar også om å skape tid og rom for lesing. Ein kan til dømes dedikere tid i undervisinga der studentane berre skal lese («shut up and read»). Lesing og skriving heng også nært saman, og bør øvast opp saman, til dømes ved å skrive oppsummering av tekstar. Sjølv om LES100 primært skal vere eit praktisk emne, har spørsmål om lesing også ei kunnskapsside. Studentane kan med fordel introduserast for nyare forskning om minne, merksemd og lesing.<sup>1</sup> Å kjenne til vilkåra for god lesing kan motivere til god lesing. Ved å kombinere desse strategiane kan me hjelpe nye studentar i gang med å utvikle betre lesevanar, auka konsentrasjon og djupare forståing av faglege tekstar. Dette vil ikkje berre støtte deira akademiske prestasjonar, men også ruste dei for vidare studiar og karriere.

Den spesifikke sida har å gjere med lesing av akademiske tekstar. Å lære seg å lese slike tekstar inneber, i tillegg til dei generelle aspekta nemnd over, kunnskap om og forståing for kva *type* tekst ein har framfor seg: sjanger, struktur, kva ein skal sjå etter osv. Som me skal kome tilbake til er denne delen fagspesifikk, og bør derfor variere frå gruppe til gruppe, fag til fag. Fag som filosofi, historie, lingvistikk og litteratur har svært ulike typar tekstar, som fører med seg ulike måtar å lese på. Ein bør også legge vekt på å vise korleis lesing er integrert i forskinga innan faget til studentane, og korleis lesing og forståing av komplekse tekstar har direkte innverknad på deira faglege utvikling.

Tidlegare var også lesing eit tema på Akademisk skriving. Studentane skulle då lære fagleg skriving gjennom å lese og analysere eksisterande faglege tekstar. Dette vart endra for ein del år tilbake, slik at studentane si eiga skriving kom i fokus. I dag ligg vekta på at studentane skal skrive sjølve, med den gevinsten dette eventuelt kan gi for lesing, med mindre tid til å jobbe med etablerte fagartiklar. Arbeidsgruppa tilrår ein balanse mellom lesing og skriving i det nye emnet, og at ein legg vekt på samspelet mellom dei (å skrive ei oppsummering av eller respons på ein tekst er til dømes ei øving både på å lese og å skrive).

LES100 kan integrerast med *Humanistar Les*, dersom dette skal halde fram. Her kan ein til dømes sjå for seg forfattarbesøk på forelesing for å snakke om verdien av lesing og skriving. Alternativt kan ein invitere 1-2 profilerte HF-fagfolk kvart semester til å fortelje om kva lesing har betydd for dei, korleis dei les, kva dei les, tips og tricks osv. Dette er døme på korleis ein kan innføre studentane i ein lesekultur. Ein bør forklare kvifor lesedugleik er avgjerande for faga deira (og for seinare arbeid), men også dele personlege erfaringar og forteljingar som viser korleis lesing kan føre til fagleg og personleg vekst.

## SKRIVING

Dette temaet ligg tettast opp til det eksisterande emnet Akademisk skriving, og derfor seier me noko mindre om det her. Arbeidsgruppa tilrår at dette blir vidareført, men i noko mindre skala for å få tid og plass til dei andre tinga. Som nemnd er arbeidsgruppa positive til korleis emnet fungerer i dag.

Emnet Akademisk skriving har i dag som mål å gi ei innføring i korleis ein skriv faglege tekstar. Emnet skal formidle forståing for den akademiske sjangeren og dei arbeidsmåtane som blir nytta i

---

<sup>1</sup> Eit lettlest og godt grunnlag er Maryanne Wolf, *Reader Come Home— The Reading Brain in a Digital World* (2018).

utarbeidinga av ein fagtekst. I emnet tek ein mellom opp tema som: å finne eit tema og utvikle ei problemstilling innan eit relevant fagfelt, fortrinnsvis knytt til studenten sitt eige studieprogram; å finne litteratur og anna materiale til oppgåva; kjeldekritikk; ulike skrivemåtar som refererande, analyserande og diskuterande; struktur og oppbygging av ein fagtekst; direkte og indirekte sitat, god sitatskikk og skriving av litteraturliste.

Mykje av dette kan ein halde fast på i LES100, men som me kjem tilbake til, tilrår arbeidsgruppa at ein legg noko mindre vekt på å finne litteratur, sidan deler av litteraturen vil vere gitt, og dermed noko mindre vekt på kjeldekritikk. Litteratur og kjeldekritikk vil også ha ein plass i det nye emnet, men meir avgrensa. Me tilrår at DIGI101 blir brukt i det nye emnet som læringsaktivitet, som vil dekke noko av det same stoffet. Arbeidsgruppa foreslår også at ein går vekk frå å krevje kjennskap til prosessorientert skriveteori som læringsutbyte. Som den foreslåtte emneplanen viser vil også LES100 ha øving i akademisk skriving som ein sentral komponent, men fokuserer i større grad på samspelet mellom lesing og skriving, og mellom skriving og digitale verktøy.

## KUNSTIG INTELLIGENS

LES100 skal sjå lesing og skriving i lys av vår digitale tidsalder. Ulike digitale teknologiar gjennomsyrrer dei fleste deler av liva våre, men det er liten tvil om at særleg kunstig intelligens lagar ei ny røynd for høgare utdanning og academia. Store språkmodellar som til dømes ChatGPT skapar utfordringar for humaniora og utdanning, men nettopp derfor bør kunstig intelligens tematiserast og drøftast i eit emne som dette.

Utfordringane er velkjende. Studentar kan bruke KI-verktøy på ein måte som gjer det vanskeleg å oppdage fusk. Etablerte plagiatskontrollsystem, og sannsynlegvis undervisararar også, slit med å avsløre dette anna enn i dei mest opplagte tilfella. Om ein blir avhengig av KI for å produsere tekstar, vil dette også hemme utviklinga av kritisk tenking og analytiske evner. Studentane kan bli freista til å stole på maskingenererte svar heller enn å utvikle eigne refleksjonar og resonnement. Mange humanistiske fag legg dessutan vekt på sjølvstende, kreativitet og personleg uttrykk, noko ei automatisering av skriveprosessen vil hemme. Til sist kan KI skape tekstar med feilaktig eller irrelevant informasjon, til dømes fiktive kjelder. For å møte slike utfordringar, er det sjølvstøtt viktig at høgare utdanning utviklar reglar og retningslinjer som fremjar ansvarleg bruk av KI, men det er også viktig å gjere bruk av KI til tema i sjølve undervisinga, særleg i eit emne som handlar om skriving. Dette inkluderer å lære studentane om fordelane og ulempene med KI, reflektere saman med dei om grensene for bruk av KI, og vise dei verdien av å skrive sjølv heller enn å la maskiner generere tekst for dei.

Trass i utfordringane kan studentar bruke KI som eit verktøy for å hjelpe dei med å skrive tekstar på fleire måtar. KI kan gi studentar idear til oppgåver eller prosjekt. Ved å få forslag og inspirasjon frå KI, kan studentar overvinne skrivesperre og kome i gang med skrivinga. KI kan også hjelpe til med å strukturere tekstar og organisere innhaldet på ein logisk og samanhengande måte. Vidare kan KI bidra med å forbetre språk, enten det er variasjon i språkbruk eller ordinær korrekturlesing. Nokre KI-verktøy kan også hjelpe ein med å finne relevante akademiske artiklar og kjelder, og å oppsummere lange tekstar eller artiklar, slik at ein raskt kan få oversikt over hovudpoenga. Men KI skal vere ei støtte, ikkje ei erstatning for eigen innsats og kreativitet. Klipp og lim frå KI undergrev

læringsprosessen og fører til manglande forståing av emnet og manglande utvikling av skrivedugleik. Ved å lære studentane god bruk av KI, kan ein også redusere risikoen for dårleg bruk av KI. Men når verktøya først er der, er det fåfengt å insistere på ingen bruk (særleg når dei blir tilbudde gratis av UiB).

Arbeidsgruppa tilrår også at spørsmål om plagiat og fusk blir sentrale tema i LES100. Studentane melder om stort behov for meir og betre informasjon om dette, sidan dei ofte er redde for å gjere feil. Med den teknologiske utviklinga er desse spørsmåla blitt meir komplekse, og kan ikkje lenger berre vere ein «side constraint» i form av eit sett reglar. Kva som utgjer fusk, og kvar grensene går for fusk, må sjølv tematiserast i eit emne som dette. Målet er å arbeide for at studentane bruker KI på ein fruktbar måte som støtter læringsprosessen deira utan å undergrave den akademiske integriteten. Dette vil hjelpe dei med å utvikle ei kritisk forståing for kva ein kan bruke KI til, kva ein ikkje bør bruke det til og kva det ikkje er lov å bruke det til

Korleis ein skal gjere dette meir konkret, må utarbeidast av fagmiljø, men her er nokre døme:

- Gi ei generell innføring til kunstig intelligens, og til ulike typar tilgjengelege KI-verktøy.
- Gi konkrete døme bruk av KI i akademisk arbeid: idéutvikling, strukturering av tekstar, grammatikk- og stavekontroll, og hjelp med å finne akademiske kjelder.
- Diskutere korleis KI-verktøyet påverkar arbeidet og skrivinga.
- Gje døme på forfalsking av kjelder, og diskutere dei etiske aspekta ved å bruke KI.
- Analysere teksteksemplar generert av KI, til dømes for å identifisere overflatiske svar.
- Reflektere over bruken av verktøya og vurdere kva som er nyttig og kva som ikkje er det.
- Inkludere oppgåver der studentane må klargjere korleis dei har brukt KI i arbeidet sitt.

## UNDERVISINGSOPPLEGG

LES100 skal primært vere praktisk retta og har som mål å lære studentane å lese faglege tekstar, skrive faglege tekstar, og bruke kunstig intelligens (KI) på ein fornuftig måte. Det handlar ikkje om å lære om desse tinga teoretisk, men om å praktisere dei. Forslag til emneomtale er lagt ved (vedlegg 1).

Gitt at emnets mål er praktisk orientert, gir ei undervisningsform som forelesingar mindre mening. Forelesingar vil derfor berre nyttast i moderat grad, for å samanfatte fellesstoff, samle trådar og gje oversikt. Vekta ligg på å bruke meir tid på praktiske øvingar og aktive læringsformer. Strukturen vil ikkje vere presentasjon av stoff i forelesing først, stoff som så blir gjentatt og forklart i seminartida. Snarare skal ein gjere og øve i seminartida, for så å samle trådane i forelesing. Seminara vil vere kjernen i emnet og blir organisert etter fag eller faggrupper (dette kjem me tilbake til). Her vil det ikkje vere mini-forelesingar, men praktiske øvingar: lese- og skriveøvingar, søk og bruk av KI. Til dømes kan ein gjere skriveøvingar der studentane samanliknar eigne samandrag med AI-genererte samandrag, noko som gir innsikt i korleis ein kan bruke og kritisk vurdere KI.

Sidan dette primært er eit praktisk emne, vil det ikkje vere felles litteratur forstått som pensumlitteratur. I staden vil ein nytte eksempeltekstar til bruk i lese- og skriveøvingar. Desse tekstane bør veljast ut av dei respektive fagmiljøa og skal tene som gode eksempel på faglege tekstar



innanfor det aktuelle feltet. I tillegg vil studentane få trening i litteratursøk ved å finne noko relevant tilleggslitteratur sjølv, som kan brukast i eksamensessayet. Det er viktig å merke seg at det kan ta tid å utvikle litteraturlister for kvar enkelt fag eller faggruppe. Denne delen av kurset kan derfor trenge meir utviklingstid og vil kanskje ikkje vere på plass til første semester.

I det noverande emnet er det omfattande rettleiing på tekstar i form av grupperettleiing på første utkast og individuell rettleiing på andre utkast. Sjølv om dette har mange pedagogiske fordelar, har det også ulemper. Tradisjonell individuell rettleiing er ressurskrevjande, medan grupperettleiing krev mykje logistikk og blir ofte oppfatta negativt av studentane, som kan ha vanskar med å vite kva dei skal sjå etter og dermed får lite ut av det. Arbeidsgruppa tilrår at ein fokuserer på tilbakemelding på fleire deloppgåver undervegs i kurset, heller enn å bruke omfattande ressursar på individuell rettleiing. Ressursane som blir spart ved å gå vekk frå individuell rettleiing, kan i staden nyttast til fleire mindre oppgåver og innleveringar med tilbakemelding, enten online eller i seminartida. Oppgåver og innleveringar vil då bli integrert i seminarundervisninga, ikkje ulikt tilnærminga i "Godt Forberedt" på ex.phil. Slik vil studentane få meir kontinuerleg tilbakemelding.

Arbeidsgruppa tilrår eksamensessay som vurderingsform, men altså oppdelt i fleire mindre innleveringar gjennom semesteret (sjå vedlagte forslag til undervisingsopplegg). Desse inneheld svar på oppgåver som førebur skrivinga av eller utgjer delar av semesteroppgåva på rundt 3000 ord. Semesteroppgåva vil slik bli broten ned i ulike delar som vil bli brukt i sluttvurderinga. I staden for at ein leverer ulike fasar av teksten (skisse, førsteutkast og andreutkast) leverer ein utkast på ulike deler av teksten undervegs.

Det er fordelar og ulemper med å gi studentane oppgitte oppgåvetekstar. Ein fordel er at mindre tid går med til famling, sidan dei har ei klar retning å følge. Dette kan også inkludere litteraturlister som hjelper dei i gang. På den andre sida kan det vere ei ulempe at studentane ikkje får trening i å utvikle eigne spørsmål, og det kan vere vanskelegare for dei å finne tema dei verkeleg interesserer seg for. Å utvikle oppgavesett i samarbeid med fagmiljø kan gi meir relevante og målretta oppgåver, men er også tidkrevjande. Omvendt er det fordelar og ulemper ved at studentane får velje tema for oppgåva sjølv. Fordelen er at dei får øving i å formulere problemstillingar og søkje etter litteratur. Ulempa er at det går med mykje tid, spesielt i eit kort semester der studentane er ferske. På ex.phil. har ein gått i retning av å styre meir, med seks alternative oppgåver å velje mellom, og fleire i arbeidsgruppa har betre erfaring med å styre studentane i val av tema. Studentane i arbeidsgruppa meiner at sjølv om det er kjekt å få velje tema sjølv, kan det for mange bli overveldande med for mange val, særleg sidan dette gjerne er første gongen dei skriv ein akademisk tekst.

Arbeidsgruppa tilrår derfor ein hybridmodell: Bruke felles litteratur i seminargruppene knytt til faget for å innsnevre og fokusere; utvikle problemstillingar ut frå denne litteraturen, og avgrense søkeaktivitet ved å for eksempel finne to ekstra tekstar. På denne måten slepp studentane å starte heilt i det blå, men får likevel sette sitt eige preg på oppgåva. Vekta ligg på øving i lesing og skriving, medan søk etter litteratur blir ein meir avgrensa del. Det er krevjande for førsteårsstudentar å finne all forskingslitteratur sjølv. Når det gjeld leseteknikkar, bør studentane få tilgang til akademiske tekstar på førehand utan å måtte leite etter dei.

Arbeidsgruppa tilrår også samarbeid mellom LES100 og DIGI101, som Universitetsbiblioteket er ansvarleg for i samarbeid med FoF. Undervisninga i DIGI101 er strukturert som eit digitalt nettkurs

der studenten går gjennom modulane i eige tempo. Kurset tar 3-4 timar å gjennomføre. Målet med emnet er å gi studentane verktøy til å navigere kritisk i ei verd av påstandar og argument som dei møter i ulike medium. Ein lærer grep for å finne og vurdere informasjon og kjelder, og å bruke dette i oppgåveskriving i samsvar med akademisk praksis. I tillegg blir studentane kjende med korleis dei kan forhalde seg til KI-verktøy som ChatGPT. Som DIGI-styringsgruppa har bestemt, kan ein ikkje legge inn DIGI101 som obligatorisk arbeidskrav, men ein kan byggje læringsaktivitetar rundt det i LES100, slik at det i praksis blir sterkt tilrådd at studentane tar det.

Ein kan kople LES100 til mentorordninga. Frå komande studieår det vere mentorordning ikkje berre første semester, men også andre semester. I arbeidet med den nye ordninga har det vore ytra ønske om ei sterkare fagleg tilknytning. Tanken er at ei mentorordning med ein fagleg komponent vil opplevast som meir relevant for studentane, noko som kan føre til at fleire nyttar seg av tilbodet, og at dette igjen kan ha positive følgjer for gjennomføring. Til dømes har det vore foreslått at nokre av møta i mentorgruppene vert brukt til lese- og skriveverkstad. Dette kan vere eit lågterskeltilbod der studentane kan møte opp og arbeide med studia sine. Dette høver fint med det nye fellesemnet, og her kan ein sjå føre seg samarbeid. Mentorar kan også bidra i forelesingar og seminar ved å dele egne lese- og skriveerfaringar, samt kva strategiar dei har nytta for å lykkast. Samtidig er ikkje alle studentane nødvendigvis med i mentorordninga, så koplinga mellom denne ordninga og LES100 kan ikkje vere altfor tett.

Når det gjeld undervisingsopplegg, må mykje av det som er presentert her sjåast som overordna rammer og forslag. Undervisingsopplegget må utviklast meir konkret og detaljert av fagmiljøet, som både må få eigarskap til emnet og som har erfaring med førstesemesterstudier til å vite kvar skoen trykker. Forslag til meir detaljerte undervisingsopplegg er lagt ved (vedlegg 2 og 3).

## FAGTILKNYTING

Eit vanleg ankepunkt mot dagens ex.fac.-emne er at dei i for liten grad er knytt til faga. Kvifor er det viktig at vi tar dette emnet, spør gjerne studentane—mange vil i gang med det studieprogrammet dei skal gå på. Dels kan nok dette skuldast manglande kunnskap om innhaldet i og relevansen av emna, noko som viser til tydinga av å informere grundig om grunngjevinga, men det kan også sjåast på som uttrykk for manglande fagtilknytning. Arbeidsgruppa tilrår derfor å knyte det nye fellesemnet tettare til programfaga.

I dag er akademisk skriving knytt til faga på to måtar:

- inndeling i grupper etter fag og fagmiljø, så langt det lar seg gjere.
- valfrie oppgåver, der ein blir oppmoda om å velge oppgåvetema knytt til faget sitt.

Dette bør vidareførast, men også styrkast:

- undervisarar bør ha bakgrunn frå same fag/faggruppe som studentane
- litteraturen bør vere frå og veljast i samråd med fagmiljø.
- tettare samarbeid med 100-emne (og ex.phil.)

Også i dag er studentane delt inn etter fag/faggrupper, og dette bør styrkast. Større fag kan vere i eigne grupper, medan mindre fag må grupperast etter nærskylde studieprogram. Framfor å blande faggrupper kan ein heller ha noko fleksibilitet med talet på studentar pr. gruppe.

Inndeling etter fag/faggrupper har både ei sosial og ei fagleg side. Me veit ein del om semestermottak og kva nye studentar treng i den perioden, og for mange val er ikkje lurt. Kullkjensla går raskt i oppløysing med mange fag og stor valfridom, og ein må arbeide for å motverke dette. Studentane gir også uttrykk for at det er bra å bli plassert der ein høyrer heime i starten. Ein kan vanskeleg etablere eit fellesskap med 500 medstudentar—meir realistisk er det å etablere fellesskap i mindre grupper. Fagleg sett kan inndeling etter fag gi høve til å fange opp faglege forskjellar i lesing og skriving (stil, struktur, sitatskikk, bruk av teori og metode osv.). Tekstane dei les, vil vere relative til fagbakgrunn og dette føreset inndeling etter fag. Det føreset også samarbeid med fagmiljøa for å utarbeide litteraturlister, gjerne i relasjon til innføringsemna.

Arbeidsgruppa vil framheve tydinga av samarbeid mellom dei ulike førstesemesteremna. Dette gjeld særleg mellom LES100 og innføringsemna. Dette må vere ei gjensidig forplikting, og ansvaret kviler på begge partar for å knyte dei nærare saman. Det bør vere ein naturleg del av emneansvaret og undervisningsoppgåvene for undervisarar både på det nye fellesemnet og på innføringsemna å sørge for slikt samarbeid. Dette har ei fagleg side i form av val av litteratur og oppgåvetema, og ei praktisk side i form av samkøyring av innleveringar og progresjon. Ein kan også sjå for seg andre former for samarbeid. Emneansvarlege for korresponderande 100-emne kan til dømes delta på første seminar, og snakke om sambandet mellom fellesemnet og innføringsemnet.

Det er også behov for samarbeid med ex.phil. Arbeidsgruppa foreslår derfor at det blir oppretta eit førstesemesterråd og eit førstesemesterforum på HF, med basis i FoF. Eit førstesemesterråd bør involvere fagleg koordinator for det nye emnet, leiar og koordinator for ex.phil., samt representantar for institutta. Ein bør også ha ei årleg samling om våren, eit førstesemesterforum, både for å sjå bakover (evaluering) og å sjå framover (planlegging), der emneansvarlege for innføringsemna også er med. Denne arbeidsgruppa kan også ha ei rolle i dette— om ønskjeleg. Håpet er at det kan gi eit meir heilskapleg førstesemester for studentane om ein snakkar meir saman på tvers.

## GODKJENNING / INNPASSING

Det vil vere fullt fagleg overlapp mellom *EXFAC00AS – Akademisk skriving* og LES100. Dette vil seie at studentar ikkje kan få studiepoengutteljing for begge emna. Arbeidsgruppa foreslår elles å halde på dagens praksis på HF når det gjeld godkjenning og/eller innpassing av emne som kan erstatte LES100. LES100 vil vere eit obligatorisk emne i alle bachelorgrader ved HF, men studentar som til dømes har tatt anten *EXFAC00AS – Akademisk skriving* eller *EXFAC00SK – Språkkunnskap* tidlegare kan få godkjent dette som erstatning for LES100. Det same gjeld studentar som har ex.fac. eller innføringsemne frå andre fakultet ved UiB eller andre universitet og høgskular.

## UNDERVISINGSPERSONELL

FoF har om lag tre stillingar knytt til Akademisk skriving no, men to avgangar tilsvarande 65% vil ifølge vedtatt bemanningsplan ikkje bli erstatta. Det er venta at dei som no er tilsett ved Akademisk skriving vil kunne undervise ved det nye emnet. Ein kjem likevel ikkje unna at det nye fellesemnet vil krevje meir ressursar enn dagens Akademisk skriving, gitt at alle nye bachelorstudentar skal ta dette i framtida. Dersom det ikkje skal gjerast nyttilsetjingar, må undervisinga i stor grad utførast av eksisterande fagfolk frå dei ulike institutta ved HF, eller/og av midlertidig arbeidskraft.

Med undervisingsopplegget som er skissert her vil LES100 krevje mellom 120 og 150 timar pr. seminargruppe, avhengig av talet på innleveringar og type tilbakemelding. Dette er noko mindre enn på Akademisk skriving, men noko meir enn på dagens andre ex.fac.-emne, Språkkunnskap. Målt i *timebruk* skal ressursbruken på det nye fellesemnet derfor ikkje vere større enn på dagens to ex.fac.-emne til saman, om enn det kan bli noko meir i ein overgangsperiode, med tanke på omfattande utviklingsarbeid. Målt i *kostnader* er reknestykket meir komplisert, sidan dette kjem an på kva undervisingskrefter ein skal bruke. Arbeidsgruppa kjem her med tilrådingar, men dette må drøftast vidare mellom institutt- og fakultetsleiing.

Etter arbeidsgruppa si oppfatning bør LES100 styrke tilkoplinga til faga som studentane skal studere også gjennom bruken av undervisingsressursar. Ideelt sett bør dette skje ved at institutta stiller med lærarkrefter. Primært bør ein på universitetet i større grad bruke sine beste undervisarar tidleg i studieløpet, sidan det dreier seg om studentanes første møte med universitetet, og fråfallet i byrjinga no er høgt. At det er gode og erfarne fagfolk som står for undervisinga er viktig ikkje minst for motivasjonen til nye studentar, om enn det sjølv sagt fordrar at fagfolka sjølve er motiverte for å undervise begynnarstudentar.

UiB sin strategi for perioden 2023-2030 legg vekt på etter- og vidareutdanning gjennom følgjande formulering: «Vi skal styrke UiB som en arena for livslang læring og vidareutvikle forskningsbaserte, fleksible etter- og vidareutdanningstilbud i samsvar med UiBs profil.»<sup>5</sup>

HF-fakultetet har òg forplikta seg til å jobbe betre med EVU i tida framover og seier at «fakultetet skal styrke porteføljen av etter- og vidareutdanningstilbud på en måte som er økonomisk bærekraftig.»<sup>6</sup>

Dei ulike institutta på fakultetet nemner òg EVU i sine strategiar. I sin strategi for perioden 2023-26 skriv AHKR at dei vil «oppretholde EVU-tilbud så lenge det finnes studenter, og søke å utvikle nye EVU-tilbud innenfor tilgjengelige ressursrammer.»<sup>7</sup> IF har ein strategi for perioden 2023-2030 kor dei skriv at dei vil «Utvikle og følgje opp strategi for vidareutdanning i tett samarbeid med HF-fakultetet.»<sup>8</sup> LLE har ein strategi for 2023-2030 kor EVU er sidestilt med det ordinære studietilbodet i denne formuleringa «For å få tilstrekkelige ressurser til forskning og undervisning skal vi tiltrekke oss og holde på de dyktigste og mest motiverte studentene til våre studieprogrammer og EVU-tilbud.»<sup>9</sup> FOF nemner ikkje EVU i sin strategi.

---

<sup>3</sup> NOU 2025: 1, *Felles ansvar, felles gevinst*. Oslo: Kunnskapsdepartementet, [NOU 2025: 1 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no).

<sup>4</sup> Kunnskapsdepartementet, *Tildelingsbrev 2025 til Universitetet i Bergen*. Oslo: Kunnskapsdepartementet, [Tildelingsbrev 2025 til Universitetet i Bergen](#)

<sup>5</sup> UiB, *Strategi 2023-2030*, Bergen: Universitetet i Bergen, [Strategi 2023–2030 | Universitetet i Bergen](#).

<sup>6</sup> HF, *Strategi for HF 2023-2030*, Bergen: Humanistisk fakultet, [Strategi for HF 2023–2030 | Det humanistiske fakultet | UiB](#).

<sup>7</sup> AHKR, *Strategisk plan 2023-2026*, Bergen: Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, [Strategisk plan 2023-2026 | Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap | UiB](#).

<sup>8</sup> IF, *Strategi 2024-2030*, Bergen: Institutt for framandspråk, [strategi\\_if\\_2024-2030.pdf](#).

<sup>9</sup> LLE, *Strategisk plan 2023-2026*, Bergen: Institutt for litterære, lingvistiske og estetiske studier, [Strategisk plan 2023-2026 | Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier | UiB](#).

## Finansiering av etter- og vidareutdanning

Finansieringa av etter- og vidareutdanning kan variere i stor grad og har tidvis vore svært ulik det som er vanleg for det ordinære studietilbodet ved universiteta. I hovudtrekk kan vi seie at det er fem måtar å finansiere EVU på, som vist i figur 1. Ytterpunkta er full eigenfinansiering eller full eksternfinansiering.

Figur 1. Finansieringskjelder for EVU ved HF

Full eigenfinansiering (gjennom tildeling eller studiepoeng)			Full eksternfinansiering gjennom oppdragsgivar	
A	B	C	D	E
Studieplassfinansiert	Studiepoengfinansiert	Studentbetalt	Bidragsfinansiert	Oppdragsfinansiert
Finansierast på linje med vanlege studieplassar (basisfinansiering og resultatmidler)	Studiepoengfinansiert studium (resultatmidler) samt bruk av eksisterande (uutnytta) ressursar	Finansierast heilt eller delvis gjennom studentbetaling (anten 100 % eller inntil 35 % av kostnadane til emnet), samt resultatmidlar	Bidragsfinansiert studium – ein oppdragsgivar betaler delar av studiet	Oppdragsfinansiert studium – ein oppdragsgivar betaler heile studiet
GB – grunnbevilgning (grunnløyving)			BOA – bidrags – og oppdragsaktivitet	
GA – grunnbevilgningens annuum			BA-bidragsaktivitet	OA-oppragsaktivitet

På grunnløyvinga genererer EVU inntekter gjennom studiepoengproduksjon og studentbetaling. Eksternfinansierte EVU-emne vil normalt vere fullfinansierte oppdrag og gir ikkje studiepoenginntekter, men eit betydeleg nettobidrag. Nettobidraget viser kor mykje som blir henta inn frå eksternfinansierte prosjekt, som til dømes frikjøp og prosjektgevinster, for å dekkje kostnader på grunnløyvinga.

Det er fakultetet som får inntektene frå studiepoengproduksjonen. I 2025 vil fakultetet motta 7,8 mill. kr i inntekter basert på studiepoengproduksjon frå 2023, jf. vedlegg 1. Det er ein auke frå 3,1 mill. kr i 2023. Auken kjem hovudsakleg som følgje av ei satsing på nettbaserte EVU-emne på IF, der inntektene har auka frå 0,7 mill. kr i 2023 til 4 mill. kr i 2025. Av totale studiepoenginntekter til fakultetet i 2025 kjem 8 % frå EVU. Andelen av totale studiepoenginntekter hos institutta med EVU-aktivitet er 19 % hos IF, 12 % hos LLE og 1 % hos AHKR.

Inntektene frå studentbetaling kjem inn på instituttnivået. I 2024 mottok institutta totalt 4,8 millionar kr i studentbetaling, høvesvis 4,3 millionar kr på LLE frå PRISME og 0,5 millionar kr på IF frå Nettarabisk. Begge desse studietilboda gir dessutan studiepoenginntekter til fakultetsnivået, slik kategori C i figur 1 syner.

Inntektene frå eksternfinansierte emne har fram til 2025 kome inn på instituttnivå gjennom nettobidraget. I ny budsjettmodell frå 2025 vil nettobidraget frå eksternfinansierte prosjekt i større grad delast mellom fakultet- og instituttnivået.

Ein betydeleg del av eksisterande eksternfinansierte emne ved HF har vore vidareutdanning for lærarar gjennom tilbodet Kompetanse for Kvalitet (KFK), som har vore oppdragsfinansiert. Frå hausten 2025 har Kunnskapsdepartementet varsla ei endring, der midlar for å tilby vidareutdanning til lærarar vil verte gitt direkte i årlege tildelingsbrev til institusjonane som øyremerkte tilskot.<sup>10</sup> Emna vil då gå frå å vere eksternfinansierte til grunnløyvingsfinansierte. For studieåret 2025/2026 vil det vere ei overgangsordning der HF for hausten 2025 mottar 1,7 millionar kr (halvårseffekt). Det er avklart at emna ikkje gir studiepoenginntekter då emna skal vere fullfinansierte gjennom tildeling frå Kunnskapsdepartementet.

Kostnadssida av etter- og vidareutdanning kan illustrerast som i figur 2.

Figur 2. Kostnadar for EVU ved HF

Full egenfinansiering (gjennom tildeling eller studiepoeng)		Full eksternfinansiering gjennom oppdragsgiver		
A	B	C	D	E
Studieplassfinansiert	Studiepoengfinansiert	Studentbetalt	Bidragsfinansiert	Oppdragsfinansiert
Løn undervisning	Løn undervisning	Løn undervisning	Løn undervisning	Løn undervisning
Løn administrasjon	Løn administrasjon	Løn administrasjon	Løn administrasjon	Løn administrasjon
Driftskostnader	Driftskostnader	Driftskostnader	Driftskostnader	Driftskostnader
Undervisningslokale	Undervisningslokale	Undervisningslokale	Undervisningslokale	Undervisningslokale
Indirekte kostnader	Indirekte kostnader	Indirekte kostnader	Indirekte kostnader	Indirekte kostnader
Utviklingskostnader	Utviklingskostnader	Utviklingskostnader	Utviklingskostnader	Utviklingskostnader
Forteneste	Forteneste	Forteneste	Forteneste	Forteneste

Kostnader som finansieres gjennom ressursar på grunnløyvinga
Kostnader som finansieres heilt eller delvis gjennom studentbetaling eller eksternfinansiering
Kostnader som finansieres gjennom eksternfinansiering

### A – Studieplassfinansiert vidareutdanning (GB)

Studieplassar til vidareutdanning som er gitt over statsbudsjettet vil vere fullfinansierte studieplassar på linje med ordinære grunnløyvingsfinansierte studieplassar. Ein fullfinansiert studiepllass består av basisfinansiering og resultatmidlar til fakultetet. Det blir gitt ei årleg tildeling pr. studiepoengeining over det talet på år det tek å byggje opp studiet. Det akkumulerte beløpet vil etter denne perioden inngå i basisfinansieringa. Den resterande finansieringa er resultatmidlar frå avlagde studiepoeng.

<sup>10</sup> Den nye ordninga har fått namnet Helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling. Udir, 2025, "Helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling", Oppdatert 20. januar 2025. [Helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling | udir.no](https://www.udir.no/kompetanse-og-karriereutvikling)

## B – Studiepoengfinansiert vidareutdanning (GB)

Studiepoengfinansiert vidareutdanning vert finansiert gjennom resultatinntekter frå avlagde studiepoeng. Resultatmidlar kjem inn på fakultetsnivå to år etter avlagde studiepoeng. Dersom det blir tilbydd slike emne som ikkje kan undervisast ved bruk av faste tilsette, oppstår det kostnader som må dekkast på instituttnivå.

## C – Studentbetalt vidareutdanning (GB)

Studentbetalt vidareutdanning vert finansiert heilt eller delvis gjennom studentbetaling, som betyr at inntektene kjem delvis til fakultetet (studiepoeng), delvis til institutta (eigenbetaling). Eigenbetalingsforskrifta tilseier at ein student kan anten betale 100 % av kostnadene tilknytt emnet, eller inntil 35 % av kostnadene. Skiljet på 35 % er sett for å sikre at delfinansiering gjennom studentbetaling er innanfor EØS-regelverket om offentleg støtte.

## D – Bidragsfinansiert vidareutdanning (BOA)

Bidragsfinansiert vidareutdanning vil vere emne der ein ekstern bidragsytar dekkjer alle eller delar av kostnadene. Viss emne ikkje er fullfinansiert, må resten dekkjast gjennom eigenfinansiering. Bidragsytar kan ikkje bestemme kven som skal delta. Vi har ikkje slike EVU-tilbod på HF per i dag.

## E – Oppdragsfinansiert vidareutdanning (BOA)

Oppdragsfinansiert etter- og vidareutdanning vil være emne som er 100 % finansiert av ein oppdragsgivar, samt at det skal reknast ut ei rimeleg forteneste. Det vil ikkje verte gitt resultatmidlar for studiepoeng i emne som er oppdragsfinansierte. Det er oppdragsgivar som avgjer kven som kan ta emna.

## EVU-administrative ressursar ved institutta

Det vert sett av betydeleg med ressursar til einingane for å følge opp EVU. LLE bruker ca. 1,5 administrativt årsverk til utvikling og drift av EVU-tilboda. Det er ei stilling som er dedikert til EVU, kor lønnskostnadane er delt mellom fakultetet og LLE. Hos AHKR er det undervisningskoordinator og studieleiar som har det overordna ansvaret for EVU, medan dei aktive tilboda vert administrerte av fagkoordinatorar og studiekonsulentar. Hos IF er oppfølging av EVU i administrasjonen delt på fleire studieadministrative stillingar. Kostnaden for EVU-stillinga vert delt mellom instituttet og fakultetet. På LLE og IF skal lønnskostnadane for dei administrative EVU-stillingane dekkast av inntektene som EVU-emna genererer for institutta.


## Kartlegging av eksisterande EVU-tilbod på HF

Arbeidsgruppa har samla dokumentasjon frå einingane ved fakultetet om EVU-tilbodet, samt henta informasjon om studenttal frå DBH. Kartlegginga viser at det vert tilbydd EVU ved IF, LLE og AHKR. Presentasjonen av desse tilboda er her gitt på eit aggregert nivå, ramene for dette arbeidet har ikkje gitt høve til å vurdere til dømes ressursbruk

eller lønsemd på detaljnivå. Samstundes er det nettopp på eit studietilbodnivå at vurderinga av desse storleikane gir meining. Kartleggingsarbeidet og denne rapporten kan difor fungere som starten på ei meir systematisk handsaming av spørsmål om ressursbruk og lønsemd knytte til EVU-tilbodet ved HF.

Heilt overordna ser vi i figur 3 at det har vore ei solid auke i EVU-aktiviteten på fakultetet gjennom det siste tiåret. Tala frå DBH syner at dette særleg gjeld for perioden frå 2020.

Figur 3. Registrerte studentar vidareutdanning HF 2014-24 (haustsemesteret)




Kjelde: DBH: Registrerte studentar (tidsserie)

### Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

På AHKR har EVU-tilbodet vore dominert av oppdragsfinanserte prosjekt, som vi kan sjå av figur 4. Instituttet har i snitt hatt om lag 35 registrerte EVU-studentar per semester. Talet har vore relativt stabilt over åra 2014-2024. Unntak har vore hausten 2018 då emna ikkje vart tilbydde i haustsemesteret, og hausten 2024 då berre det eine EVU-tilbodet (Museologi) vart tilbydd. Hausten 2023 var det ein auke som skuldast at enkelte emne innanfor religionsvitenskap (tilknytt det nedlagde tilbodet religiøse minoritetar) vart tilbydde.

AHKR rapporterer at ressursbruken på EVU-tilboda fagleg og administrativt er på nivå med det øvrige undervisningstilbodet på instituttet. Undervisinga som regel gitt av faste tilsette i delte stillingar.

Figur 4. Registrerte studentar fordelt på finansieringskjelder, AHKR, 2014-24.



Kjelde: DBH

Faget historie har det eksternfinansierte tilbudet EVU "Bergensstudiet" med to samlingsbaserte emne à 15 studiepoeng på oppdrag (AHS202-F og AHS203-F). Det er oppdragsgiver Norsk Sykepleierforbund som avgjer kven som tar emna, og målgruppa er tillitsvalde sjukepleiarar som vidareutdannar seg til verv eller nye ansvarsroller. Tilbudet er oppdragsfinansiert (kategori E).

Museologi (MUSE). Museologi består av to samlingsbaserte emner à 15 studiepoeng, kor målgruppa er museumstilsette som ønskjer vidareutdanning. Studietilbudet er studiepoengfinansiert (kategori B).

AHKR har eit EVU-emne à 15 studiepoeng, Undervisning i kontroversielle tema (HRDID600), kor målgruppa er lærarar på ungdom- og vidaregåande skule. Emnet har av ressursmessige årsaker ikkje vore tilbode over ein lengre periode.


### Institutt for framandspråk

IF har hatt eit stort utval av EVU-tilbod, med ein tydeleg vekst frå 2021. IF har hatt om lag 2200 EVU-studentar sidan 2014 (i snitt om lag 350 registrerte studentar per semester frå 2021-2024) og nesten halvparten av EVU-inntektene har kome frå studiepoeng, som vi kan sjå av figur 5. Veksten hausten 2021 skyldast at nettbaserte tilbod i spansk, fransk, tysk og italiensk vart tilbydde for første gong. Særleg har italiensk vore eit populært EVU-tilbod med over 100 studentar registrerte kvart semester.

IF har levert ein gjennomgang av EVU-tilbudet som gir eit oversyn over talet på studentar møtte til eksamen, avlagde studiepoeng, undervisningstimar, administrativ ressursbruk m.m. Studieåret 2023/24 var det brukt tilsaman 5742 timar på dei ulike EVU-tilboda på instituttet. I tillegg til ein halv administrativ stillingsressurs til EVU. Dette gav ei inntekt frå studiepoengsproduksjon på 5,5 millionar. For nokre av tilboda kjem anna

finansiering i tillegg til studiepoenga, slik gjennomgangen av finansieringskategoriar har vist.

Figur 5. Registrerte studentar fordelt på finansieringskjelder, IF, 2014-24.



Kjelde: DBH

Erfaringsbasert master i undervising med fordjuping i engelsk (ENGMAU) er eit samlingsbasert masterprogram på deltid over 4 år med til saman 120 studiepoeng. Programmet er bygd opp med 5 emne à 15 studiepoeng og ei masteroppgåve à 45 studiepoeng. Målgruppa er engelsklærarar som ønskjer vidareutdanning. Tilbodet er studieplassfinansiert (kategori A).

På spansk, fransk, tysk og italiensk er det tilbod om ei rekke nettbaserte emne à 10 studiepoeng på 100-nivå som kan takast på deltid, kor målgruppa er alle interesserte. Studentane vel sjølve kor mange emne dei vil ta. I tillegg tilbyr fire fag ved instituttet fellesemnet Sammenliknende europeiske kulturstudium (SEK600) som er på 10 studiepoeng. Desse studietilboda kan karakteriserast som fleksible studietilbod, i den forstand at tilbodet er det same som vert gitt til ordinære bachelorstudentar, men i digital form, som einskildemne. Tilbodet er studiepoengfinansiert (kategori B).

På arabisk er det tilbod om to nettbaserte emne à 15 studiepoeng. Det er ikkje krav om forkunnskapar i arabisk ved opptak og målgruppa er alle interesserte. Det er studieavgift tilknytta emna, og 65 % finansierast gjennom offentlege midlar (studiepoeng), medan 35 % finansierast gjennom studentbetaling. Tilbodet høyrer dermed til under kategori C: Studentbetalt vidareutdanning.

Spansk, fransk, tysk og engelsk har det eksternfinansierte tilbodet Kompetanse for kvalitet (KFK). Målgruppa er lærarar og det er oppdragsgivar Udir som avgjer kven som får tilbod om plass og om kursa skal verte tilbodne. Tilbodet har tradisjonelt høyrte til




kategori D: «Oppdrag», men med den nye finansieringsordninga der midla gis over grunnløyvinga, høyrer dei også delvis til under kategori A: «Studieplassfinansiert».

### Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

LLE har hatt eit jamt stort EVU-tilbod i heile perioden frå 2014, som samla har om lag 250 studentar per semester. LLE har tilbod innan fleire finansieringskategoriar, men dei største studentgruppene er på tilbod finansiert med studentbetaling og studiepoeng. Fordelinga ser vi i figur 6.

LLE har levert eit notat som syner studiepoengproduksjon per tilbod, samt ressursbruken. Fleire av tilboda vert undervist av den faste staben på fakultetsbudsjettet, andre har eiga finansiering. Samla tilsvarar undervisingbruken om lag 5-6 førsteamanuensisstillingar. I tillegg rapporterer instituttet om 1,5 administrative årsverk til utvikling og drift av EVU-tilboda.

Figur 6. Registrerte studentar fordelt på finansieringskjelder, LLE, 2014-24.



Kjelde: DBH

Erfaringsbasert master i i undervising med fordjuping i norsk (NORMAU) er eit samlingsbasert masterprogram på deltid over 4 år med til saman 120 studiepoeng. Programmet er bygd opp med 5 emne à 15 studiepoeng og ei masteroppgåve à 45 studiepoeng. Målgruppa er norsklærarar som ønsker å bygge på til master og oppnå lektorkompetanse. Tilbodet er studieplassefinansiert (kategori A).

Fjernord er eit nettbasert deltidsstudium i nordisk språk og litteratur som består av 4 emne à 15 studiepoeng. Målgruppa for emna er personar som ønsker å undervise i norsk, samt språk- og litteraturkonsulentar. Tilbodet er studiepoengfinansiert (kategori B).

Prisme er eit nettbasert deltidsstudium i norsk som andrespråk som består av 3 emne, høvesvis 2 emne à 15 studiepoeng og 1 emne à 5 studiepoeng. Målgruppa er personar som skal verte eller allereie er undervisarar i norsk som andrespråk. Tilbodet har

studieavgift. 64 % er finansiert gjennom offentlege midlar (studiepoeng) og 36 % er finansiert gjennom studentbetaling. Tilbodet høyrer dermed til under kategori C: «Studentbetalt vidareutdanning».

Faget nordisk har det eksternfinansierte tilbod Kompetanse for kvalitet (KFK). Målgruppa er lærarar og det er oppdragsgivar Udir som avgjer kven som skal få tilbod om plass og om kursa skal verte tilbodne. Tilbodet har tradisjonelt høyrte til kategori D: «Oppdrag», men med den nye finansieringsordninga der midla gis via grunnløyvinga, høyrer dei også delvis til under kategori A («studieplassfinansiert»).

Tilbakemeldingane frå einingane viser òg at det er nokre emne under utvikling:

Hos AHKR vert det jobba med fleire tilbod i samarbeid med studieseksjonen og UiB Videre. Det mest aktuelle på kort sikt er eit EVU-tilbod for lærarar som er utvikla i samarbeid med SV-fakultet og ein tilbodspakke om religiøse minoritetar.

Hos LLE utviklar ein to emne à 5 studiepoeng innan terminologi og eit nytt emne på 10 studiepoeng om Bergen i mellomalderen. Innanfor norsk som andrespråk utviklar ein eit nytt 5-studiepoengsemne i Prisme. LLE/Norsk som andrespråk vil også inngå som partner i ei desentralisert ordning for kompetanseutvikling med Bergen kommune.

## EVU ved HF

Rapporten viser fram at EVU-tilbod kan vere veldig ulike, både i kven det er utvikla for, korleis tilbodet er finansiert og kva potensial som ligg i inntening og for kven, i undervisningsform, om tilbodet går på kampus, er samlingsbasert, nettbasert eller ein hybrid. Vi meiner ei tredeling vil gjere dette komplekset meir oversikteleg:

1. Vidareutdanning for opplæringssektoren
2. Fleksible utdanningstilbod
3. Oppdrag og andre vidareutdanningstilbod

## Vidareutdanning for opplæringssektoren

Dette er ein stor del av vidareutdanningsverksemda ved fakultetet. Det omfattar dei to einaste studieprogramma i vidareutdanningsporteføljen: ENGMAU og NORMAU, det inkluderer ordninga Kompetanse for kvalitet og det involverer tilbod ved IF og LLE, samt AHKR. Til denne kategorien reknar vi òg PRISME-studiet på LLE.

Innføringa av desse vidareutdanningstilboda har ført med seg ei stor utviding av undervisningsverksemda ved HF. Det har lagt grunnlaget for fleire tilsettingar. Nokre av dei har vore faste, slik som i 100 % stilling knytt til PRISME-studiet på LLE, andre mellombelse.

Opplæringssektoren omfattar både grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring, og vil i framtida vere ei minst like viktig kjelde for å hente inn friske midlar for UH-institusjonane som satsar på slike tilbod. Samtidig kan denne aktiviteten

utfordre institusjonane på fleire punkt. I større grad enn dei disiplinbaserte kampusstudia skal innhaldet i desse utdanningstilboda vere retta mot lærarar og andre som jobbar på ulike nivå i opplæringssektoren, og samtidig vere på universitetsnivå. Dette stiller krav til ein tettare dialog med slike aktørar enn det HF har hatt tidlegare. Det er òg eit spørsmål om HF har kapasitet til å vedlikehalde ein slik dialog, særleg med tanke på at nokre tilbod har lokale eller regionale nedslagsfelt, medan andre er unike i nasjonal samanheng. I så måte vil det vere viktig med tett samarbeid mellom HF, UiB Videre og Lektorsenteret. Ei anna utfordring er at aktørane i opplæringssektoren skal etter ny ordning ha større påverknad på EVU-tilboda, noko som vil stille krav til ein fagleg fleksibilitet enn det HF og andre tilbydarar vanlegvis legg til rette for. Dette bør ha følger for kompetansen institusjonane må etterspørre når dei rekrutterer vitenskapleg tilsette i stillingar knytt til denne typen EVU-tilbod.

Denne forma for vidareutdanning er i stor omstilling, som varsla i NOU-en *Med videre betydning*. Omstillinga er organisert av Utdanningsdirektoratet, som har fått i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å utvikle eit heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling for alle tilsette i barnehagar og skuler frå grunnskole (inkludert SFO) til vidaregåande opplæring.

Det kjem fleire endringar med innføringa av dette systemet. For det første så vil ein no gå vekk frå ordninga med anbodskonkurransar for universiteta og over til øyremerka tildelingar frå KD. For det andre vil lærarar søke studieplass direkte til universiteta, der dei tidlegare har søkt Udir om midlar til vidareutdanning og om plass på studiet.<sup>11</sup>

UiB har i 2025 fått øyremerka løyvingar gjennom denne nye ordninga og noko av dette vert vidareformidla til HF. Det er grunn til å vente at denne ordninga vil vidareførast i åra framover. Samstundes er det enno ikkje avklart kor mykje og kva dei langsiktige vilkåra vil vere. Vi har grunn til å forvente ei nærmare avklaring av desse spørsmåla i løpet av 2025.

Den offentlege betalingsviljen er stor på dette området og fagleg er det stor grad av overlapp med ambisjonane om at HF skal vere eit leiande lektorutdanningsfakultet. Dette gjer at det er grunn til å satse vidare på slike vidareutdanningstilbod. Samstundes er det i 2025 stor grad av usikkerheit knytt til korleis ordningane vil organiserast og finansierast vidare. HF må dessutan vurdere korleis undervisinga skal organiserast. Skal det skje ved hjelp av den faste staben, til dømes dei som er knytte til lektorutdanninga? Korleis sikrar vi at det er kapasitet til å gi både det eksisterande studietilbodet og til dels nye vidareutdanningstilbod? I alle høve er det i skrivande stund svært viktig at HF posisjonerer seg på ein måte som gjer at dei vil kunne vere ein sentral tilbydar. Det betyr at det hastar for HF å bestemme ei retning for EVU-verksemda i framtida.

---

<sup>11</sup> Udir, 2025.

## Fleksible utdanningstilbud

Dette er studietilbud som i daglegtalet på HF gjerne vert inkludert i EVU-tilbodet, men som i strengt tatt ikkje fyller kravet om å vere ei utdanning som byggjer vidare på ei allereie gjennomført utdanning. I realiteten er dette fleksible utdanningstilbud, altså utdanningstilbud som er organiserte slik at dei kan kombinerast med ulike arbeids- og livssituasjonar. Det dreier seg i stor grad om digitale studietilbud som gjerne speglar kampustilbodet i studieprogramma våre, og det er stort sett snakk om tilbod finansiert av studiepoeng.

Etterspurnaden etter slike utdanningstilbud er i stor vekst. HK-dir sine statistikkar viste nyleg at veksten i studenttal dei siste åra i særleg har skjedd innanfor nettbaserte studiar.<sup>12</sup>

Veksten i studiepoenginntening for slike studiar på HF dei siste åra og veksten i studenttalet på landsbasis gjer at det ligg eit stort potensiale for inntening på desse studia. Samstundes er det ein risiko for at etterspurnaden etter slike studietilbud kan vere ustabil.

HF står difor overfor fleire avgjerande spørsmål når ein skal vurdere den vidare utviklinga av dette tilbodet. For det første må ein vurdere kven som skal stå for undervisinga: skal det vere den faste vitskapelege staben, eller skal ein rekruttere nye undervisarar til dette tilbodet. Korleis skal det finansierast? For det andre må ein gjere ei strategisk vurdering av dette fleksible studietilbodet opp mot det tradisjonelle kampustilbodet. Kan det vere stordriftsfordelar med å doble studieemne, slik ein i stor grad har gjort til no? Har ein kapasitet til å gjere begge ting samstundes? Og kva skjer med interessa for kampustilbodet om ein utvidar det nettbaserte tilbodet?

## Oppdrag og andre vidareutdanningstilbud

Dette er ein avgrensa del av EVU-verksemda ved HF. AHKR sitt samarbeid med Norsk Sykepleierforbund (NSF) om eit EVU-tilbod er det tydelegaste dømet. Avtalen er fundert i ein tidsavgrensa kontrakt og studentane vert rekrutterte gjennom NSF.

I denne kategorien kan vi gjerne òg rekne inn det nettbaserte tilbodet på arabisk. Dette tilbodet inkluderer to emne på 15 studiepoeng. Det overlappar med emne i det regulære kampustilbodet i arabisk, men er ikkje gratis slik dei fleksible studietilboda er. Det er eit nybyrjarkurs i arabisk språk, men rettar seg mot folk som har erfaring frå arbeidslivet.

Desse vidareutdanningsstudia har ei finansiering som gir grunnlag for faste tilsettingar på sine fag. Per i dag er det snakk om delfinansiering for ei 100 % førsteamanuensisstilling på AHKR og ei 30 % universitetslektorstilling på IF.

---

<sup>12</sup> Khrono, 2024, «Studentveksten har skjedd på fleksible utdanningar», *Khrono*, [Studentveksten har skjedd på fleksible utdanningar](#).

Oppdragsprosjekt kan vere ein god inntektskjelde for HF og institutta. For HF ligg det ei moglegheit for å vurdere slike oppdragsbaserte tilbod vidare. Samstundes er det viktig å vere medviten om at oppdragsprosjekt inneberer ein risiko for at oppdragsgivaren ikkje fornyar avtalen ved kontraktsslutt og at finansieringa for stillingane knytte til undervisingstilbodet fell vekk. I tillegg er det viktig å vere merksame på at driftskostnadene kan verte høgare enn venta då kontrakten vart inngått. I oppdragsprosjekt er det difor viktig at desse risikoaspekta vert prisa inn i tilbodet. Når det gjeld kurs som krev studentbetaling er det viktig med god marknadsanalysar vert gjennomførte innan ein legg store ressursar inn i tilbodet.

## Prosedyrar for oppretting av nye EVU-tilbod

Ein sterk EVU-portefølje treng eit tydeleg rammeverk og ei heilskapleg tilnærming til etablering av nye og utvikling av eksisterande EVU-tilbod, i eit system der EVU-tilbod og ordinære studietilbod møter same krav til studiekvalitet og berekraft. For å auke omfanget av etterspurde og konkurransedyktige tilbod i HF sin EVU-portefølje, må det finnast ein klar prosess frå initiativ til realisering av nye tilbod som sikrar høg studiekvalitet og solide økonomiske vilkår.

Nye EVU-tilbod kan oppstå som respons på ei bestilling frå ekstern aktør (BOA) eller som følge av ei strategisk satsing på ei bestemt målgruppe (f.eks. opplæringssektoren). Det kan òg vere på bakgrunn av eit initiativ frå fagmiljøet. I alle høve må etableringa innleiest ved at institutt og fakultet saman gjer ei strategisk vurdering av korleis tilbodet kan inngå i fakultetet si heilskaplege verksemd og samfunnsoppdrag. Med denne vurderinga som grunnlag, må institutt, med tydeleg forankring i budsjett disponerande myndigheit, utarbeide dokumentasjon som viser fagleg innhald og læringsformer, målgruppe, organisering og ressursbehov- og tilgang. Det er tilrådeleg at instituttet utarbeider denne dokumentasjonen med støtte frå UiB Videre, Læringslaben og økonomiseksjonen ved fakultetet. EVU-tilbodet skal deretter behandlast i relevant programstyre ved instituttet, før fakultetet i siste instans kan ta stilling til oppretting av nytt EVU-tilbod. Til grunn for prosessen må det liggje ei tydeleg plassering av det faglege ansvaret for tilbodet, og det er tilrådd at EVU-tilbod blir lagde inn under ansvarsområdet for eit av programstyra ved instituttet. Dette er sentralt for å oppretthalde fagleg forankring og kontinuitet i tilbodet.

EVU-tilbod ved fakultetet skal inngå i ein heilskapleg studieportefølje med felles rammeverk og krav til studiekvalitet. Samtidig vil EVU-tilbod krevje at ein legg til rette for ein større fleksibilitet enn ved oppretting og endring enn ordinære studium. Det kan òg vere nødvendig med ei tilpassa oppfølging av EVU-studentgrupper. Men parallelt med denne fleksibiliteten må ein ha ein fast prosess og klare rutinar for å sikre at EVU-tilbodet ved fakultetet held høg kvalitet og inngår i ein berekraftig, robust og strategisk heilskap.

Figur 7. Prosedyre for oppretting av nye EVU-tilbod

Trinn	Prosess	Innhald	Eining
1	<b>Innleiande strategisk og økonomisk vurdering</b>	Er det foreslåtte tilbodet i tråd med fakultetet sin EVU-strategi? Er det økonomiske tilhøve som ein må gjere særskilt greie for før oppretting?	Institutt og fakultet (studie- og økonomiseksjonen)
2	a) <b>Vurdere fagleg grunnlag og klargjere innhaldet i EVU-tilbodet</b>	Vurdering av fagleg kompetanse og interesse i fagmiljøet  Kartleggje og avklare bestillinga (omfang, form, dimensjonering)	Institutt - med støtte frå UiB vidare og Læringslaben
	b) <b>Kartlegge ressursbehov</b>	Vurdering og berekning av ressursbehov og -tilgong (ressursbudsjett)	Institutt - med støtte fra økonomiseksjonen ved fakultetet
	c) <b>Forankring på instituttet</b>	Budsjettdisponerande myndigheit godkjenner grunnlaget for utvikling av eit EVU-tilbod	Instituttleiar
	d) <b>Utarbeiding av tilbodet</b>	Programstyret utarbeider dokumentasjon (søknad med relevante vedlegg*)  Instituttet sender søknad om oppretting av EVU-tilbod til fakultetet	Institutt/ Programstyre - i samråd med UiB vidare og Læringslaben
3	<b>Behandling av søknad og vedtak</b>	Same prosedyre som ved oppretting av ordinære studietilbod	Fakultetet
	<b>* Innhald i søknad</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bakgrunn for studietilbodet</li> <li>2. Instituttet sine vurderingar av økonomi og ressursar</li> <li>3. Plan for studiet (emneplan i gjeldande mal)</li> <li>4. Omtale av det (nett-)pedagogiske utviklingsarbeidet</li> <li>5. Plan for evaluering og løpande studiekvalitetsarbeid</li> </ol>	

## Oppsummering og tilrådingar

Rapporten viser at EVU utgjør ein stor del av verksemda ved HF, både når det gjeld økonomi og studentar. EVU-tilboda ved HF har samstundes mange og ulike opphav, finansieringsmodellar, organisering og målgrupper, og porteføljen har utvikla seg på bakgrunn av oppdrag, initiativ og politiske føringar der kvart einskild tilbod har vorte oppretta og drifta delvis som ei eiga verksemd. I prosessen med å etablere ein strategi for eit heilskapleg, robust og berekraftig EVU-tilbod, står fakultetet difor overfor nokre viktige og grunnleggjande val. Og det hastar. Særleg når det gjeld vidareutdanning for opplæringssektoren vil 2025 vere eit kritisk viktig år med store konsekvensar for rammevilkåra for EVU-verksemda ved fakultetet i åra framover.

Gjennomgangen i starten av denne rapporten viser at forventningane til EVU-satsing frå nasjonale styresmakter og EVU-ambisjonane til UiB som universitet er tydelegare og større enn det som kjem til uttrykk i strategiane til grunneiningane på vårt fakultet. Det er paradoksalt, all den tid HF lenge har vore det viktigaste EVU-fakultetet ved UiB. Samstundes kan det forklarast ved at EVU vert opplevd som noko som er på sida av det studieplassfinansierte, statleg forvalta samfunnsansvaret det er å uteksaminere kandidatar på dei ordinære studieprogramma. Ei verd i endring treng ei stadig kalibrering av tilbod og etterspurnad, og ei samla og strategisk justering av balansen mellom ordinære studietilbod, fleksible studietilbod og vidareutdanningstilbod.

Det er òg grunn til å merke seg at tendensen når det gjeld talet på EVU-studentar ved HF har gått nedover dei siste tre åra. Er det ein indikasjon på at potensialet er større enn det vi har klart å utnytte dei siste åra? HF-fakultetet må som fellesskap ta stilling til kva vi vil med EVU, på same måte som ein tek stilling til ordinære tilbod. Ein rett innretta EVU-portefølje vil innebere eit betydeleg innteningspotensial.

Endringane i vidareutdanning for opplæringssektoren krev at HF raskt inntar ei offensiv haldning til EVU. Sjølv om HF hatt eit omfattande tilbod på dette EVU-området, kan vi ikkje ta for gitt at vi vil få finansiering til å vidareføre desse studietilboda. Endringane som no kjem vil stille krav til fleksibilitet og evne til å posisjonere seg i eit nytt terreng. HF må vise at vi har ein EVU-portefølje som er relevant for lærarar og skuleeigarar i åra framover. Om vi lukkast i dette arbeidet, er det store moglegheit for å få finansiering til å utvide tilbodet og auke inntektene til fakultetet. Ei satsing på dette området vil òg kunne ha positive ringverknadar for UiB sin posisjon som lærarutdannar og EVU-tilbydar for andre målgrupper.

Overordna er dette eit spørsmål om korleis vi framover skal organisere finansieringa av studietilbodet ved fakultetet. Fram til no er praksis at EVU nesten alltid finansierast heilt eller delvis utanfor grunnløyvinga, med dei følgjer det får for mellombelse tilsettingar og tilboda sin status som del av ein større fagleg portefølje. Dei nye politiske styringssignala med ny finansieringsmodell for UH-sektoren og formuleringar i

tildelingsbrev om forventningar til tilpassing og omstilling gjer det naudsynt for heile sektoren til å handsame EVU som ein del av den ordinære drifta.

Eit spørsmål det vert kritisk viktig for HF å løyse i tida framover handlar om kven som skal stå for undervisinga på EVU-tilboda? Fagleg og juridisk vil det vere ein styrke om det er den faste vitenskaplege staben som gjer denne undervisinga, men det er det i mange tilfelle i dag ikkje kapasitet til.

Gjennomgangen i denne rapporten har vist at det er eit fundamentalt mistilhøve mellom kostnads- og inntektsfordelinga knytte til EVU-tilbodet ved fakultetet. Dette gjeld særleg den studiepoengfinansierte vidareutdanninga, som vi òg har omtala som fleksible utdanningstilbod. Undervisningsressursane ved fakultetet har fram til no i praksis vore fordelte basert på studieplassar. I nokre situasjonar har det vore mogleg å nytte desse ressursane til å gi eit EVU-tilbod, men i realiteten har mykje av denne undervisinga vore gitt av innleigde undervisarar. Løysinga på dette mistilhøvet er anten å endre inntektsfordelingsmodellen for fakultetet på ein slik måte at institutta vert sette i stand til å bere slike kostnadar, eller at stillingsfordelinga i bemanningsplanen i større grad tar omsyn til EVU-inntekter.

EVU er ein utdanningstype i stor utvikling med krav til raske tilpassingar til kva potensielle studentar, oppdragsgivarar og styresmakter etterspør. Fakultetet står difor overfor ei utfordring i spennet mellom å jobbe meir systematisk med å forvalte EVU-porteføljen og leggje til rette for fleksibilitet i oppretting og utvikling av tilbodet. Denne utfordringa er særleg stor når det gjeld spørsmålet om kven som skal undervise og prosedyrane for oppretting av nye tilbod. Det store spørsmålet er då korleis vi kan løyse dette, viss vi samstundes ønskjer at det er dei fast tilsette som skal stå for undervisinga.

Ei mogleg løysing på dette er å opne for pilotfasar for nyoppretta EVU-tilbod, eller for EVU-tilbod som skal utvidast på ein slik måte at det skapar ressursbehov. Ein kan tenkje seg at nye, særleg lovande EVU-tilbod kan få høve til å nytte bistillingar i ein overgangsfase. Det vil vere ein føresetnad at desse tilboda er greidd ut i tråd med den prosedyre for oppretting som er presentert i denne rapporten. Bruken av bistillingar inneberer at ein ikkje tar på seg langsiktige lønsplikter før ein har sikrere informasjon om den økonomiske berekrafta i dei konkrete tilboda. Arbeidsgruppa føreslår ein prosedyre for oppretting av nye EVU-tilbod som vil sikre kvalitet og berekraft i EVU-verksemnda, som fakultetet må ta stilling til.

I arbeidet med denne rapporten har vi dessutan sett at HF har ei utfordring når det gjeld å sikre studiekvaliteten i EVU-tilboda. Etterspurnaden etter tilboda og dei mange avlagde studiepoenga gir indikasjonar på at studietilbodet gjennomgåande er godt, samstundes er det urovekkjande at EVU-tilbodet ikkje er omfatta av den same forma for studiekvalitetsoppfølging som resten av studietilbodet ved fakultetet.



Arbeidsgruppa bak denne rapporten merker seg utviklinga av EVU-tilbodet i stor grad har vore prega av innsatsen til eldsjeler eller einskilde fagmiljø som har fanga opp moglegheiter som har oppstått. Denne strategien er eit ledd i arbeidet med å gi slike initiativ ei innramming. Vi ser at det systematiske arbeidet med EVU bør forankrast organisatorisk i Studiestyret ved fakultetet, gjerne gjennom ei årleg EVU-melding som kan danne grunnlag for eit dialogmøte med UiB Videre om utviklinga av EVU-porteføljen ved fakultetet. I tillegg ser vi behovet for eit EVU-forum for fagleg og administrative tilsette på tvers av fakultetet, kor ein kan dele erfaringar om utvikling og drift av EVU-tilbodet.

Gjennomgangen av EVU-tilbodet ved HF visar at det allereie er ein utbreidd kultur for EVU ved fakultetet. Samstundes ser vi at denne kulturen ikkje er heilt eins. Nokre institutt har ein omfattande EVU-aktivitet, andre har det i langt mindre grad. Vi ser dessutan at det er store skilnadar i kven som er involverte i arbeidet med EVU. Ved nokre institutt er det dei fast tilsette som står for denne undervisinga, ved andre er undervisinga i stor grad drive av mellombels tilsette. For at fakultetet skal oppnå målsetningane sine med EVU framover ser vi det som avgjerande at ein skapar ein felles kultur for EVU ved fakultetet, kor EVU går inn som ein naturleg del av undervisinga og den faglege formidlinga til alle dei fagleg tilsette.

## Utkast til strategi for EVU ved HF for 2025-2030

Vidareutdanning er ein viktig del av samfunnsoppdraget til HF. Gjennom det siste tiåret har EVU-verksemnda ved fakultetet bidratt til at den kunnskapen HF-tilsette utviklar og forvaltar kjem norsk arbeids- og samfunnsliv til gode. Eit overordna premiss for strategien er at HF skal auke omfanget av og sikre kvaliteten på EVU-tilbodet.

- HF skal skape ein felles kultur for EVU og leggje til rette for samarbeid på tvers av fakultetet om EVU.
  - For å sikre dette skal fakultetet etablere eit EVU-forum for vitskapleg og administrativt tilsette på tvers av fakultetet
- HF skal omfamne sin identitet som EVU-fakultet.
  - For å sikre dette skal fakultetet i større grad inkludere EVU i profileringen av si verksemd
- HF skal ha ein tydeleg struktur knytt til etablering og drift av EVU-tilbod.
  - For å sikre dette skal fakultetet i 2025 etablere og implementere eit solid administrativt rammeverk for utvikling av EVU
- HF skal gjere det mogleg å utvikle og drive EVU-tilbod der det er fagleg interesse og økonomisk grunnlag for det.
  - For å få til dette skal fakultetet i 2025 greie ut om kva konsekvensar EVU-tilbod skal ha for fordeling av stillingar gjennom fagleg bemanningsplan.
- EVU skal vere ein integrert del av studietilbodet på fakultetet. Det inneberer at undervisinga skal vere forskingsbasert og kvalitetssikra.
  - For å få til dette skal fakultetet innføre ei årleg EVU-melding basert på verksemnda ved institutta og eit årleg dialogmøte med UiB Videre og Lektorsenteret.
- EVU skal bidra til å styrke økonomien ved fakultetet.
  - For å få til dette skal fakultetet i samarbeid med institutta skaffe meir systematisk informasjon om lønsemnda i dei einskilte EVU-tilboda.
- HF skal byggje vidare på fleksible utdanningstilbod som ein måte å rekruttere fleire studentar til humanistiske fag på.
- HF skal vere det naturlege førstevalet for lærarar som ønskjer vidareutdanning.

Fagområde	Studiepoenginntekter 2023			Studiepoenginntekter 2024			Studiepoenginntekter 2025		
	Totalt	EVU	Andel EVU	Totalt	EVU	Andel EVU	Totalt	EVU	Andel EVU
Arkeologi	2 822 000			3 432 000			4 707 000		
Historie	13 172 000			12 259 000			15 566 000		
Kulturvitenskap	2 784 000			2 843 000			4 066 000		
Religionsvitenskap	5 212 000	32 000	1 %	4 183 000	62 000	1 %	5 794 000	220 000	4 %
Tverrfaglige emner - AHKR	264 000	136 000	52 %	550 000	261 000	47 %	640 000	159 000	25 %
<b>AHKR</b>	<b>24 254 000</b>	<b>168 000</b>	<b>1 %</b>	<b>23 267 000</b>	<b>323 000</b>	<b>1 %</b>	<b>30 773 000</b>	<b>379 000</b>	<b>1 %</b>
Examen facultatum	2 034 000			2 355 000			3 076 000		
Filosofi	4 681 000			4 745 000			5 821 000		
<b>FOF</b>	<b>6 715 000</b>			<b>7 100 000</b>			<b>8 897 000</b>		
Arabisk	612 000	91 000	15 %	458 000	118 000	26 %	557 000	124 000	22 %
Engelsk	7 945 000	293 000	4 %	7 783 000	413 000	5 %	9 084 000	924 000	10 %
Fransk	1 616 000	346 000	21 %	1 368 000	362 000	26 %	1 773 000	658 000	37 %
Italiensk	1 009 000	411 000	41 %	1 579 000	1 087 000	69 %	1 628 000	948 000	58 %
Japansk	1 246 000			948 000			1 996 000		
Kinesisk	1 356 000			1 209 000			1 235 000		
Russisk	605 000			367 000			397 000		
Spansk	2 645 000	689 000	26 %	2 073 000	549 000	26 %	2 551 000	736 000	29 %
Tverrfaglige emner - IF	272 000	110 000	40 %	263 000	74 000	28 %	241 000	106 000	44 %
Tysk	1 279 000	244 000	19 %	1 176 000	352 000	30 %	1 313 000	468 000	36 %
<b>IF</b>	<b>18 585 000</b>	<b>2 184 000</b>	<b>12 %</b>	<b>17 224 000</b>	<b>2 955 000</b>	<b>17 %</b>	<b>20 775 000</b>	<b>3 964 000</b>	<b>19 %</b>
Allmenn litteraturvitenskap	2 276 000			2 095 000			2 654 000		
Digital kultur	4 287 000			4 600 000			5 439 000		
Klassisk	605 000			506 000			764 000		
Kunsthistorie	2 913 000			2 559 000			3 387 000		
Lingvistikk	1 973 000			1 881 000			1 950 000		
Nordisk	10 907 000	2 265 000	21 %	9 220 000	1 874 000	20 %	12 787 000	3 419 000	
Teatervitenskap	952 000			680 000			998 000		
Tverrfaglige emner - LLE	93 000			134 000			191 000		
<b>LLE</b>	<b>24 006 000</b>	<b>2 265 000</b>	<b>9 %</b>	<b>21 675 000</b>	<b>1 874 000</b>	<b>9 %</b>	<b>28 170 000</b>	<b>3 419 000</b>	<b>12 %</b>
SKOK	1 676 000			1 978 000			2 226 000		
<b>SKOK</b>	<b>1 676 000</b>			<b>1 978 000</b>			<b>2 226 000</b>		
SVT	440 000			742 000			1 115 000		
<b>SVT</b>	<b>440 000</b>			<b>742 000</b>			<b>1 115 000</b>		
<b>TOTALT</b>	<b>75 676 000</b>	<b>4 617 000</b>	<b>6 %</b>	<b>71 986 000</b>	<b>5 152 000</b>	<b>7 %</b>	<b>91 956 000</b>	<b>7 762 000</b>	<b>8 %</b>

**From:** Steinar Bøyum <[Steinar.Boyum@uib.no](mailto:Steinar.Boyum@uib.no)>

**Sent:** Wednesday, February 12, 2025 1:29 PM

**To:** Svein Ivar Angell <[Svein.Angell@uib.no](mailto:Svein.Angell@uib.no)>

**Cc:** Jesse Tomalty <[Jesse.Tomalty@uib.no](mailto:Jesse.Tomalty@uib.no)>; Steinar Thunestvedt <[Steinar.Thunestvedt@uib.no](mailto:Steinar.Thunestvedt@uib.no)>

**Subject:** Svar: EVU-strategi

Som rapporten til arbeidsgruppa seier har FoF ikkje EVU-tilbod i dag. Dette er eit bevisst val. Me må prioritere ressursbruken vår. Me har svært omfattande exphil- og exfac-tilbod, i tillegg til eit relativt stort fagstudium, og har ikkje kapasitet til å ta på oss fleire oppgåver. Utfordringa til FoF, og det kan nok gjelde andre ved HF også, er nettopp å prioritere, som også betyr å velje vekk noko. I tillegg kan det vere problematisk og komplisert å blande EVU-tiltak inn i den økonomiske modellen for exphil, som fort kan bli resultatet om me skal begynne med EVU.

Av denne grunn er me usamde i konklusjonen i rapporten, at EVU skal gå inn «som ein naturleg del av undervisinga og den faglege formidlinga til *alle* dei faglege tilsette» (s. 19, min kursiv). Dersom det likevel er fakultetet sitt ønske at alle institutt (og alle faglege tilsette) skal ha EVU-verksemd, så vil me sjølvsagt prøve å rette oss etter det. Men det bør i så fall forankrast solid i organisasjonen, og i dei demokratiske organa, sidan det vil vere eit klart retningskifte. Det vil sjølvsagt også bety at me må redusere anna aktivitet.

Beste helsing,

Steinar Bøyum  
Instituttleiar  
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier  
Universitetet i Bergen

